



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.02.2017
Tid: 12:00

Medlemer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemer kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak.@volda.kommune.no.

Varamedlemer får særskild melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 31/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 33/17	Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid
PS 34/17	Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.

PS 31/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 32/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2017/74

Arkivkode: 1519-2017001

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
33/17	Formannskapet	21.02.2017

PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807, OPPSTART AV PLANARBEID. SPØRSMÅL OM KOMMUNALT TILSKOT TIL PLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
- 2. Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*
- 3. Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

Vedleggsliste:

Søknad om løyve til oppstart av planarbeid i privat regi. Volda campus arena as
Kommunestyre sak 143/16 - 24.11.2016
Asplan Viak konsekvensanalyse
Høgskulen i Volda - fråsegn -brev av 9.02.2017
Oppvekstsjefen - orienteringssak 4.02.2017

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan Røysmarka.
Kommunedelplan Volda sentrum
Kommunedelplan E39 - Volda -Furene

Saksopplysningar/fakta:

Kommunen har motteke spørsmål frå Volda Campus Arena om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for område O7 på Røysmarka, med sikte på regulering av idrettshall på området.

Området er flateregulert til offentlig formål, med krav om detaljregulering før utbygging innan området.

I søknaden heiter det:

"Som nemnt har vi ønske om å annonsere varsel om oppstart av planarbeid. Vi er såleis takksame om rådmannen legg til rette for oppstartsmøte komande veke.

Vi har avklart at Per Mulvik AS vil bistå oss i planoppdraget på gunstige vilkår, og dei vil prioritere saka. Dei vil og ta del i oppstartsmøtet."

Kommunen har vidare i brev av 18.01.2017 frå P. Mulvik as motteke brev med ynskje om tinging av oppstartsmøte, der det heiter:


"Tinging av oppstartsmøte vedk. planarbeid på gbnr.19/807 m.fl - Jomarka.

Volda Campus Arena AS har engasjert Per Mulvik AS i utarbeiding av reguleringsplan med formål å legge til rette for idretts- og symjehall med tilhøyrande anlegg på gbnr.19/807 m.fl. på Røysmarka/Jopllassen i Volda kommune.

Framlegget til plangrense omfattar også gbnr.19/821,978 samt delar av 19/600, 601, 602, 604, 883, 884, 887, 889. Dette for å sikre nødvendig areal og sambinding mot skulane og offentlig gangsystem. Ein viser i den samanheng til kommunestyret sitt vedtak av 24.11.2016 om kommunal vilje til disponering av tomteareal.

Arealet innanfor plangrensa utgjer om lag 15daa. I gjeldande reguleringsplan er 19/807 (Volda Campus Arena) og 19/821 og 19/978 (Volda kommune) regulert til offentlig bygg – undervisning – som ekspansjonsareal for høgskulen eller evt. andre offentlege skuleformål. Med dette ber vi om eit snarleg oppstartsmøte."

Framlegg til planavgrensing er vist i vedlagt kartutsnitt.



I høve søknaden finn ein grunn til å vise til kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
- 5. Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
- 6. Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
- 7. Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått."*


I høve spørsmål om løyve til privat planlegging og planoppstart er det naturleg å stille spørsmål om omsynet til føresetnadane i punkt 4, 5, 6 og 7 er tilstrekkeleg utgreidd og avklara, og i kva grad vilkår som ivaretek desse intensjonane i kommunestyrevedtaket må vidare sikrast gjennom planprosess.

Ved førehandskonferanse den 9.02.2017 vart slike føresetnader for eventuell planprosess nærare drøfta. Eg viser til kopi av oppsummering frå dette møte som ligg som vedlegg til saka.

Plansituasjonen i området:

For området er gjeldande reguleringsplan Røysmarka, planID 1995002.

Det meste av området er her lagt ut til område for offentlege bygg. Dette er delt inn i 7 ulike delområder, med undertittel Høgskuleområde og Skuleområde.



Plan Røysmarka - plan ID 1995002.

Det no aktuelle området er kalla O7 og har fylgjande omtale i reguleringsføresegnene:

"3.17- Område 07 skal nyttast til ekspansjonsareal for høgskulen eller evt. andre offentlege skuleformål.

3.18 - Bygningar kan oppførast me inntil 3 etasjar med tillegg av sokkeletasje.


3.19 - Før utbygging for områda O4, O5 og O7 skal det leggst fram bebyggelseplan etter plan og bygningslova § 28-2. For områda O1 og O2 skal det før utbygging leggst fram utbyggingsplan. Planen skal godkjennast av bygningsrådet. Desse planane skal vise plassering og utforming av bygningar, avkøyrslar, køyrevegar, gang- og sykkelvegar, parkeringsplassar, grøntareal, gjerde og beplantning. Planane skal også vise høgdeopprikk av nye bygningar i forhold til omkringliggende bygningar. Bebyggelsesplan skal ivareta omsynet til støy frå fylkesveg 15 - 045. Naudsynte fysiske tiltak for å ivareta krava i byggeforskriftene skal innarbeidast i plan.

3.20 - For kvar einskild utbygging skal det opparbeidast parkeringsplassar på eigen grunn for det biltal som etter bygningsrådet sitt skjønn er nødvendig for utbygginga. Dersom bygningsrådet sitt krav om eigenparkering ikkje er oppfylt, kan bygningsrådet etter nærare vurdering kreve frikjøp etter dei til ei kvar tid gjeldande betalingssatsar for frikjøp i Volda sentrum".

Omgrepet Bebyggelseplan er ikkje lenger eit aktuelt planformål etter endra plan og bygningslov. Alternativ til dette er etter ny lov Detaljreguleringsplan, jf PBL §12-3.

Det er for tida fleire aktuelle plan/utbyggingsprosjekt under utvikling i og ved "campusområdet".

Nytt mediabygg med kulturhusfunksjonar er under planlegging på område O1-O2.. Vidare er planar for utvikling av Åsen-bygget under utforming innanfor område O1. Planarbeid for E39-"Volda-tunellen" er i gang, og kommunedelplan og pågåande reguleringsplanarbeid tilknytt denne vil påverke infrastrukturen i austre kant av høgskuleområdet.



Område O7- med krav om reguleringsplan før utbygging.

Statsbygg og høgskulen i Volda har som lekk i desse prosessane fått utarbeidd lokaliseringsanalyse for nytt mediebygg i campusområde. Vidare er det utarbeidd eiga konsekvensvurdering sett i høve til høgskulen sine planar (campusutvikling) for eventuell ny idrettshall på Jopllassen.

Kopi av rapportane ligg ved.

Med grunnlag i desse analysere og tilhøyrande rapportar ligg det og føre brev av 9.02.2017 frå HiVolda der ein ser positivt på plassering av idrettshall i området.

I brevet heiter det m.a:

"Høgskuleni Volda (HVO) har engasjert Asplan Viak til å gjere ein konsekvensanalyse av plassering av ein ny idrettshall på Jopllassen (g nr/bnr 19/807). Rapporten frå Asplan Viak er no klar og i oppsummeringa står det at:

«Konsekvensanalysen viser at plasseringen av idrettshallen (VCA) på Jopllassen ikke har en vesentlig negativ innvirkning på HVO:s planer om et nytt mediebygg eller framtidig utvikling av campusområdet.

Plasseringen og gjennomføring av selve anleggsperioden vil heller ikke ha vesentlig negativ konsekvens for driften av HVO, men det må etableres en tett dialog mellom HVO og VCA AS for å finne fram til gode midlertidige adkomstløsninger og etablering av riggområde.»

Høgskulen i Volda sluttar seg til denne konklusjonen og har ingen innvendingar mot at det blir bygd ein idrettshall på Jopllassen HVO meiner at ein ny idrettshall kan vere med på å gjere Volda til ein meir attraktiv stad. Plasseringa nær opp til campus kan og bidra til å knyte HVO og lokalsamfunnet nærare saman.

Når det gjeld framtidige utviklingsområde for campus, vil vi peike på at tomta gnr/bnr 19/29 er svært interessant for høgskulen. Vi vil oppmode Volda kommune om å erverve denne tomta slik at den kan bli tilgjengeleg for høgskulen i framtida. I eit lengre perspektiv vil vi be kommunen om å ha god dialog med høgskulen om reguleringa av Røysmyrane, (gbnr 19/1)."

Oppvekstsjefen har i orienteringssak til Formannskapet iden 14.02.2017 gitt fråsegn vedkomande kroppsøvingsfasilitetane for sentrumsskulane og behova knytt til symjeopplæring. Eg viser til kopi av fråsegn datert 4.02.2017 som ligg ved saka. Her er det m.a. uttalt fylgjande:

"I samband med planane om bygging av ny idrettshall i nærleiken av Øyra skule og Volda ungdomsskule, er oppvekstsjefen beden om å gjere greie for skulane sine behov for kroppsøvingsfasilitetar, samt vurdere desse opp mot planane til Volda Campus Arena(heretter VCA).

....

Oppvekstsjefen si vurdering

Det er gjort greie for behovet elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule har for framtidig fasilitetar knytt til kroppsøvingsundervisninga. Nye golv i gymnastikksalane ved Volda ungdomsskule har forlenga levetida, men dei vert ikkje sett på som ei framtidig løysing av skulane sine behov.

Som rådmannen gjorde greie for hausten 2015, står Volda kommune framfor store løft dei næraste åra, og det vil vere krevjande å finne rom for nye store tiltak.

Når planane til VCA no er gjort kjende, ser oppvekstsjefen at moglegheita for eit samarbeid mellom kommunen og initiativtakarane bak VCA, der behov skulane har i framtida vert dekte samstundes som det vil kunne skape grobotn for auka aktivitet mellom barn og unge i kommunen.

Gangavstanden til Øyra skule vert vurdert som forsvarleg med omsyn til gangtid, og vert planane realisert bør Øyra skule sitt framlegg om rasjonell gangveg takast med i planane. Vidare vil det setje krav til innbu og utstyr som kjem i møte dei krava som vert sett til kroppsøvingsundervisning. Også naudsynt lagerplass for skulane vil vere eit krav. Dette er det gjort greie for over.

Oppvekstsjefen er uroleg for rammevilkåra kring symje- og livbergingsopplæringa for elevane i sentrum og Mork. Viss Statsbygg finn grunn til å rive symjehallen på Idrettsbygget, står kring 900 grunnskuleelevar utan eigna opplæringsbasseng. Volda kommune bør legge planar for eit alternativ som bør ligg i nærleiken til hovudtyngda av elevane (les: Øyra skule og Volda ungdomsskule). Eitt alternativ kan ein tenke seg knytt til planane til VCA. Eit anna alternativ kan vere eigne kroppsøvingsfasilitetar inkludert opplæringsbasseng mellom dei to skulane."

Under dei føresetnader som er gitt i oppvekstsjefen si oppsummering og som også fylgjer av vilkår i k-sak 143/16, vil ei løysing med idrettshall på Joplass-området kunne ivareta skulane sine behov.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er i plan lagt ut til byggeformål. Nærare avklaring vil bli gjort gjennom planprosess.

Økonomiske konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess, og gjennom eigne saker om økonomisk medverknad frå kommunen.

I fyrste omgang sak om medverknad/økonomisk bidrag til reguleringsplanarbeidet.

Seinare eiga sak om kommunalt engasjement og ev avtale som regulerer kommunen sitt bidrag og leigeforhold i forkant av utbygging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i søknaden frå Volda Campus Arena AS, fråsegna frå Høgskulen og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/16, finn rådmannen å rå til oppstart av ein planprosess slik det er søkt om.

Ein legg då også til grunn at tiltakshavar gjennom tilfredstillande avtalar har sikra rettar til den grunn i området som ikkje er eigd av kommunen.

I høve planprosess og planinnhald viser ein til dei føringar som er i gitt i oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017.

Kommunen viser også til at det i planprosess bør nærare avklarast kva mogelege synergieffektar ein kan oppnå ved ei slik plassering inn mot campusområdet.

T.d.felles bruk av vegar og parkeringsareal (ulik brukstid/behov, internvegar/gangliner, gjennomgåande grøntstrukturar/elvedrag m.m) bør nærare avklarast.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til P. Mulvik as

Kopi:

Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Høgskulen i Volda
Statsbygg
Kommunestyret - orientering
Utvikling
Teknisk sektor
Rådmannen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne Arkivsak nr.: 2016/953
Arkivkode: 2016004

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
22/17	Formannskapet	31.01.2017
34/17	Formannskapet	21.02.2017

**PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - BOTNEN I
AUSTEFJORDEN - GBR 74/2, 4 M.FL.**

Handsaming:

Saka vart ettersendt til formannskapet den 30.01.17.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:

Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 71/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.

Vedleggsliste:

Planomtale
Plankart

Illustrasjonsplan
Reguleringsføresegner
Sjekkliste ROS
Lengdeprofil vegar
Utsnitt 3-D modell
Referat oppstartsmøte

Uprenta saksvedlegg:
Jordskiftesak

Saksopplysningar/fakta:

Kommunen har motteke framlegg til detaljreguleringsplan for hytteveg til etablerte hytter på gnr 74/2 og 74/4 i Botnen i Austefjorden.

Planlegging vart sett i gang etter innspel frå eigar, og er basert på vedtak i S.S. Jordskifterett sak nr. 1510-2007-0011-Løfold.

Det er i jordskiftesaka lagt ut aktuell vegtrase for veg til etablerte hytter og eigedomar i området, med atterhald om godkjenning etter Plan og Bygningslova gjennom reguleringsplan.

Det vart den 31.05.2016 gjennomført oppstartsmøte for detaljplanarbeidet.

Som plankonsulent er engasjert firma P.Mulvik as.

Kopi av referat frå oppstartsmøte ligg ved saka.

Planprosessen har slik det går fram av jordskiftesaka ikkje ein intensjon om å legge til rette for meir hyttebygging i området elle for auka standard.

Bakgrunn er ynskje om å få bort trafikk og parkering i og ved tunet på 74/4 og legge klare føringar for tilkomst til allereie etablerte tomter/hytter.

Det er no motteke framlegg til plan.

Planprosessen er så langt ein kan sjå gjennomført i samsvar med reglane i Plan og bygningslova og dei retningsliner som vart gitt av kommunen i førehandskonferanse.

Planinnhaldet er så langt ein kan sjå i samsvar med gjeldande krav. Planløysinga er godt illustrert.

Merknader ved innspel etter oppstartvarsel er lagt ved og gitt kommentar til i plandokumentet.

Med grunnlag i at vegtraseen er avklara gjennom gjennomført jordskiftesak, finn ein at omsynet til naboar/andre grunneigarar er avtala her.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosessen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Veg fram til hyttene vil gje tryggleik for brukarane og betre løysingar knytt til akutte situasjonar som brann, sjukdom m.v.

Vurdering og konklusjon:

Planframlegget er gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i plan og bygningslova og planinnhaldet er tilfredsstillande framstilt og illustrert.

Vi tilrår at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Til sektor Utvikling, plan, for utlegging til offentlig ettersyn.

Kopi:

P.Mulvik as

FORSLAGSSTILLAR:
ERIK S. ANDRESEN M.FL

PLANOMTALE:


FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Hytteveg Botnen i Austefjorden gbnr

74/2,4 m.fl – Volda

PlanID: 1519-2016004

DATO 28.11.2016



Innhold

1	SAMANDRAG	3
2	BAKGRUNN	3
2.1	Målet med planen	3
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	3
2.3	Tidlegare vedtak i saka	3
2.4	Utbyggingsavtalar	3
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	3
3	PLANPROSESSEN	3
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	3
4	PLANSTATUS OG RAMMER	5
4.1	Overordna planar	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan	5
4.3	Tilgrensande planar	5
4.4	Temaplanar	5
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	5
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE	5
5.1	Lokalisering	5
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	7
5.3	Stadens karakter	7
5.4	Landskap	7
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	8
5.6	Naturverdiar	8
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde	8
5.8	Landbruk	8
5.9	Trafikkforhold	9
5.10	Barn sine interesser	9
5.11	Sosial infrastruktur	9
5.12	Teknisk infrastruktur	9
5.13	Grunnforhold	9
5.14	Støyforhold	10
5.15	Lufforeining	10
5.16	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	10
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	10
6.1	Planlagt arealbruk	10
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål	10
6.3	Parkering	11
6.4	Tilknytting til infrastruktur	11

6.5	Trafikkløysing	11
6.6	Miljøoppfølging	11
6.7	Landbruksfaglege vurderingar	12
6.8	Kulturminne	12
6.9	Rekkefølgjekrav	12
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	12
7.1	Overordna planar	12
7.2	Landskap og omgjevnader	12
7.3	Staden sin karakter	12
7.4	Estetikk	13
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	13
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova	13
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde	13
7.8	Trafikkforhold	13
7.9	Barn sine interesser	13
7.10	Universell tilgjengeligheit	13
7.11	ROS	13
7.12	Teknisk infrastruktur	13
7.13	Økonomiske konsekvensar for kommunen	13
7.14	Konsekvensar for næringsinteresser	14
7.15	Interessemotsetnader/konflikttema	14
7.16	Avveging av verknader	14
8	KONSEKVENSGREIING	14
9	INNKOMNE INNSPEL	14
9.1	Innspel (samandrag med kommentar)	14
9.1.1	Statens Vegvesen (28.06.2016)	14
9.1.2	Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015)	14
9.1.3	Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016)	15
9.1.4	Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015)	15
9.1.5	Mørenett (28.07.2016)	15
9.1.6	Håvard Botn (14.08.2016)	15
9.1.7	Rolf Botn (15.08.2016)	16
9.1.8	Jarle Håvik og Øystein Håvik (gbnr. 74/5, 74/10 – datert 20.08.2016 og 14.10.2016)	16
10	AVSLUTTANDE KOMMENTAR	16

Vedlegg:

1. 2344_01 Plankart
2. 2344 Reguleringsføresegner
3. 2344 Referat frå oppstartsmøte
4. 2344 Varslingsbrev
5. 2344 Annonse
6. 2344 Sjekkliste ROS
7. 2344 Innspel/merknader til planoppstart
8. 2344_911 Illustrasjonsplan
9. 2344_201 Lengdeprofil f_SKV1 (illustrasjon)
10. 2344_202 Lengdeprofil f_SKV2 (illustrasjon)
11. 2344 Utsnitt frå 3D-modell (Illustrasjon)

1 SAMANDRAG

Per Mulvik AS fremjar på vegne av Erik S. Andresen med fleire framlegg til detaljreguleringsplan for hytteveg på gnr. 74 bnr.2, 4 m.fl i Botnen i Austefjorden – Volda kommune. Planframlegget er utarbeidd på bakgrunn av mellombels kart utarbeidd av Søre Sunnmøre Jordskifterett. Namnet på planen er «Hytteveg Botnen – gbnr.74/2,4 m.fl» og nasjonal arealplanid: 1519-2016004.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planområdet er uregulert og i kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) utlagt til LNF-område. Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for opparbeiding av enkel køyrbar hytteveg til hytter og eigedomar i samsvar med vedtak i Søre Sunnmøre Jordskifterett sak.nr.1510-2007-0011-Løfold. Det er der sett krav om utarbeiding av reguleringsplan. Bakgrunnen for saka er eit ynskje om å få bort dagens trafikk og parkering i og ved tunet på gbnr.74/4.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar er Erik S. Andresen m.fleire med Per Mulvik AS som plankonsulent. Tiltaket berører fleire eigedomar – jfr. naboliste.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Ingen.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det vert ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. I samråd med kommunen konkluderer ein med at tiltaket er utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn og at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova ivaretek kravet om medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 31.05.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Utgangspunktet som jordskifteretten har lagt for arbeidet
- Plangrense og kva denne skal omfatte
- Vegbreidde
- Planstatus
- Konsekvensutgreiing
- Feil i kommunal kartbase
- Kulturminne
- Vurderingar i høve landbruk(skog, natur – og miljø, naturmangfaldslova.
- Krav til planmaterialet.

Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev datert 22.06.2016 og annonse i avisa Møre 22.06.2016 med frist for innspel/merknader 22.08.2016. Varslingsbrev er vedlagt.

Innkome innspel

Innan fristen kom det inn totalt 8 merknader. Desse er vurdert, kort oppsummert og kommentert i planomtalen. Alle innspel til planoppstart er vedlagt.

Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med estimert framdrift (avheng m.a av merknader og kommunal sakshandsaming).


Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartsmøte	Kommunen	31.05.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 22.06.2016 Kunngjeringsannonse 22.06.2016
Høringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart,	Høringsfrist 22.08.2016
Utarbeiding av planforslag		August - november 2016
Oversending av planforslag til kommunen		November 2016
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)		Desember 2016
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	Januar - mars 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.		Mars - april 2017
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.		
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)		Mai - juni 2017
Kunngjering av godkjent plan		Juni 2017

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

Kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) er gjeldande for planområdet. Gjeldande formål er LNF.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for kystsona

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er ikkje tidlegare regulert.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar ikkje til nokon reguleringsplan.

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering


Planområdet ligg i og ved eit etablert hyttefelt inst i Botnen mellom Follavatnet og Austefjorden. Frå Fyrde i Austefjorden følgjer ein Høydalsvegen (Fv651) og tek av på den kommunale Follavegen, Frå krysset ved gbnr.73/2 følgjer ein den private tilkomstvegen langs fjorden nordover til planområdet inst i Botnen. Denne vege er smal og enkelt opparbeidd med grusdekke.



Figur 2 Oversiktskart med avmerkt planområde

Avgrensning og storleik på planområdet

Planområdet (svart stipla linje) utgjer om lag 2,84daa og er avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor. Planområdet er justert i høve forvarslinga og inkluderer skjerings- og fyllingsutslag basert på vedlagte lengdeprofilar og normalprofilar og tynt vegetasjonsdekke over fjell. Utslaga kan bli justert under utførelsen.



Figur 3 Planavgrensning – justert etter varsling.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet/vegen går gjennom dels dyrka mark, dels lauvskog – jfr. ortofoto nedanfor. Ein gjer merksam på at feil i kartgrunnlaget gjev inntrykk av at vegen ligg lenger vest – og dermed bandlegg meir dyrkajord – enn det som er realiteten. Kommunen er gjort merksam på feilen.



Figur 4 Ortofotofoto av planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterende bebyggelse

Eksisterende bebyggelse består av garasje og våningshus på gbnr.74/4, elles frittliggande hytter og naust av til dels enkel standard. Om lag i austre grense av dyrkajorda renn ein bekk frå Follavatnet. Nedstrøms vegen er kvernhus og ishus restaurert/gjenoppbygt.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Planområdet er sørvendt der vestre del hellar mot Austefjorden. I aust dannar terrenget ein rygg med fall ned mot Follavatnet på eine sida og fjorden på den andre. Her er terrenget noko brattare og meir skogkledd. Om lag i overgangen mellom desse terrengformene renn ein liten bekk frå Follavatnet mot fjorden over til dels blankskurt fjell. Med unntak av vestre halvdel av veglinja – som går i dyrka mark – er det eit generelt tynt jordsmonn og fjell i dagen mange stader. Austre del av området ligg i relativt tett skog (hovudsakleg lauvskog) og er noko meir kupert. Også her er det observert fjell i dagen.



Figur 5 Planområdet sett frå vest

Solforhold/lokalklima

Området er sørvendt og solrikt og etter det vi kjenner til utan lokalklimatiske tilhøve å ta særleg omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi

Nord for planområdet ligg Follavatnet der det i tidlegare tider vart henta is til utskipping på Austefjorden. Restar av denne industrien finnast framleis i området og det gamle kvernhuset og islageret er nyrestaurert.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar www.kulturminnesok.no og www.miljostatus.no er dei to kvernhusa langs bekken frå Follavatnet mot fjorden oppført i Sefrak-registeret med meldeplikt ved riving/ombygging. Utover dette er det registrert to ruinar/husmurar frå før 1900 om lag i vegtraseen.

Fylkeskommunen sitt varsla krav om arkeologiske undersøkingar vart etter synfaring og prøvetaking med jordborr trekt tilbake pga svært tynt jordsmonn med berg like under.

5.6 Naturverdiar

I følgje kartbasar som www.naturbase.no er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Planområdet ligg vakkert til mellom vatnet og fjorden i eit område som i kraft av å vere eit hyttefelt har høg verdi som rekreasjonsområde. Det går fleire stiar/ræser til hyttene i området.

5.8 Landbruk

I følgje www.naturbase.no består austre del av planområdet av skog med høg bonitet (lauvskog), medan vestre del er fulldyrka jord - jfr. utsnittet nedanfor.



Figur 6 Utsnitt fra naturbase.no

5.9 Trafikkforhold

Avkørsle/tilkomst til planområdet

Tilkomst fra Fyrde via Høydalsvegen (Fv651) og vidare kommunal veg Follavegen til krysset ved. gbnr.73/2. Herifrå vidare nordover via privat tilkomstveg langs fjorden. Denne veggen er svært smal (ca 2,5m) og enkelt opparbeidd med grusdekke.

Trafikkmengde

Svært liten belastning på veggen. Kun lokal trafikk til hyttene og våningshuset på gbnr.74/4.

Ulykkesituasjon og trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Ingen kjende ulukkespunkt.

5.10 Barn sine interesser

Som hyttefelt er det opplagt at både barn og vaksne har glede av området.

5.11 Sosial infrastruktur

Om lag 3km til Fyrde sentrum.

5.12 Teknisk infrastruktur

Det går lavspennlinje i luftspenn gjennom området – jfr. kart frå Møre Nett.

5.13 Grunnforhold


Stabilitetsforhold

Oppslag i NGU sin kartbase syner at området består av morene. Ein føreset difor stabile grunnforhold. Det er også registrert mykje fjell i dagen.



Skredfare/flaumfare

NVE sine faresonekart syner at delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Aktsemdsona for snøskred og steinsprang ligg like utanfor planområdet i aust.



Figur 10 Utsnitt frå www.nve.no

5.14 Støyforhold

Ikkje relevant.

5.15 Luftforureining

Ikkje relevant.

5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekklister ved vurdering av risiko og sårbarheit er gjennomgått, signert og vedlagt. Gjennomgangen avdekte eitt punkt med trong for nærare utgreiing:

a) Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Nedre del av planområdet grensar mot NVE sine aktsemdområde for flaum. Grunna tiltaket sin art er det ikkje gjennomført yttarlegare utgreiingar i høve dette.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Køyreveggar (SKV)	1,18
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	1,66
Sum	2,84

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Køyreveg (SKV1-SKV2)

SKV1 og SKV2 regulerast som private felles køyreveggar med høve til opparbeiding av avkøyrslar til eigedomane langs vegane, samt tilknytting for eksisterande landbruksveg. Plassering av avkøyrslar er ikkje avmerkt med symbol i plankartet då dette må skje på staden i samråd med den einkilde grunneigar. Vegar opparbeidast med enkel standard og grusdekke i 3m breidde. Fylkesmannen ønskjer ikkje bekken frå

Follavatnet lagt i kulvert under veggen, ein foreslår difor at veggen forbi dette området opparbeidast som betongdekke med nødvendig klaring under for bekk. Vedlagte lengdeprofilar samt skjering- og fyllingsutslag i plankartet er illustrasjonar basert på kommunalt grunnkart og at grunnforholda består av fjell med tynt jordlag i toppen. Vegen må tilpassast faktisk terreng og grunnforhold – det er difor høve til tilpassingar på staden for å minimere inngrepet.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Nødvendig areal langs veg avsett til grøft, skjering/fylling, snøopplag etc. i tillegg kan sona nyttast til avkørsle til tilstøytande eigedomar. Skjering og fylling utover regulert formål og inn på tilstøytande eigedomar tillatast. Kan bli justert i utførelsen.

6.3 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

Opparbeiding av parkeringsplassar på den enkelte eigedom. Plassering vurderast undervegs og i samråd med den enkelte hytteeigar.

6.4 Tilknytting til infrastruktur

Vatn og avløp

Overvatn førast til terreng via stikkrenner. Behovsretta plassering vurderast under bygging.

6.5 Trafikkløysing


Køyretilkomst

Tilknyttast privat veg.


Utforming av vegar

Enkel opparbeiding med opne veggrofter og 3m grusa køyrebane i samsvar med normalprofilar nedanfor. Forbi bekket frå Follavatnet som betongdekke over elveløp.

Normalprofil
f_SKV1 og f_SKV2
1:100



f_SKV1 (forbi bekk)
1:100



Eigedomsforhold

Vegane regulerast som private og felles for dei aktuelle eigedomane.

6.6 Miljøoppfølging

Det skal utvisast særskilt omsyn til omgjevnadane. Overskotsmasse transporterast ut av området til deponi. Jordskråningar tilsåast og terrenginngrep skal minimerast og tilordnast før det vert gjeve bruksløyve - jfr. rekkefølgjekrav i føresegnene.

6.7 Landbruksfaglege vurderingar

Traseen følgjer i hovudsak Jordskifteretten sitt kart. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar og prioriteringar er gjort i samband med jordskiftesaka.

6.8 Kulturminne

Området ved bekkeløpet frå Follavatnet mot fjorden vert berørt som følgje av plan. NVE ønskjer ikkje at elva vert lagt i rør under vegen, det er difor lagt opp til at vegen forbi bekken utførast som armert betongdekke med nødvendig klaring til berget slik at elva kan passere under. Ruinar i veglinja vurderast å vere utan kulturell verdi og vert fjerna. Dei er heller ikkje registrert som «meldepliktige» i Sefrak-registeret.

6.9 Rekkefølgjekrav

Før det vert søkt om ferdigattest skal området ryddast og tilstellast og jordskråningar tilsåast.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Området ligg som LNF-område i overordna plan. Første del av vegen går gjennom dyrkajord.

7.2 Landskap og omgjevnader

Køyrevegen vert tilpassa terrenghøgden på staden og terrenginngrepa reduserast til eit minimum. Vegen får nøktern standard med smal køyrebane og grusdekke og skråningar skal så langt praktisk mogleg tilsåast. Forbi bekken frå Follavatnet etablerast betongdekke med klaring for bekken slik at ein unngår å sprengje i svaberget som ligg i dagen her. Veghøgden som framgår av vedlagte illustrasjonar kan justerast undervegs i utbygginga for å redusere terrenginngrepa.

Illustrasjon

Det er utarbeidd ein enkel 3D-modell av området for visualisering. Utsnitt frå denne følgjer som vedlegg.



Figur 7 Illustrasjon av planområde

7.3 Staden sin karakter

Området vil endre karakter frå bilfritt og veglaust område.

7.4 Estetikk

God terrengtilpassing og lav vegstandard/smål vegbreidde minimerer inngrepet og ivaretek omsynet til estetikk så godt som mogleg. Inngrepet vil likevel verte synleg. Behovet for skjering og fylling reduserast til eit minimum og skråningar bør i størst mogleg grad tilsåast. Forbi bekken frå Follavatnet leggst det opp til støypt dekke over elveløpet. I dette området er det berg i dagen (svaberg).

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Det er ikkje registert verneverdige kulturminne innanfor sjøve planområdet, men kvernhusa nedanfor vegen er Sefrak-registrert. Utanfor plangrensa, langs bekken frå Follavatnet, ligg det att restar frå anlegget som var i bruk under is-produksjonen. Desse vert ikkje berørt av tiltaket og det skal utvisast aktsemd i samband med opparbeidinga slik at desse minna ikkje vert skadde. Dei to ruinane i vegtraseen er ikkje registert som anna enn murar eldre enn 100 år. Desse vert fjerna.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registert artar av forvaltningsmessig interesse. Ufrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Etablering av køyrevveg i dette veglause området gjev lettare tilgang til området, samstundes som kvalitetane som ligg i urørt natur vil bli noko redusert. Dette er ei avveging som ein føreset vurdert i samband med jordskiftesaka. Lav vegstandard med god terrengtilpassing og begrensa trafikkmengde saman med lettare tilgang til området kompenserer etter vår vurdering for eventuelle ulemper. Området vil bli lettare tilgjengeleg for fleire når vegen er bygt.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Vegen vert tilknytt privat veg langs fjorden like vest for garasjen på gbnr.74/4. Denne vegen har nøktern standard og er enkelt opparbeidd med grusdekke.

Trafikkauke/-reduksjon

Talet på hytter vert ikkje endra direkte som følgje av planframlegget, og trafikken til området vil såleis forbli uendra. I dag parkerer hytteeigarane ved gbnr.74/4 medan målet med planframlegget er at desse i framtida kan køyre til hyttene. Enklare tilkomst til hyttene kan gje noko auka bruk og slik sett noko trafikkauke. Sett opp mot talet på hytter (7) vil ein slik auke vere marginal.

7.9 Barn sine interesser

Den planlagde vegen gjev lettare tilkomst til hyttene t.d på sykkel og med barnevogn.

7.10 Universell tilgjengelighet

Vegen vert ikkje universelt utforma, men vil gjere hyttene lettare tilgjengeleg for alle, også rørslehemma og med barnevogn.

7.11 ROS

Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Delar av planområdet ligg innanfor NVE sine aktsemdområde for flaum. Sidan det aktuelle tiltaket kun gjeld køyrevveg vurderast risikoen og konsekvensane av flaum som neglisjerbar utan behov for nærare utgreiing.

7.12 Teknisk infrastruktur

Ei

Mørenett har ei lavspenning i området, og to av stolpane må truleg flyttast noko.

7.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen konsekvens.

7.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Ingen konsekvens.

7.15 Interessemotsetnader/konflikttema

Fleire av innspela etter varsling handlar om vern av dyrkajord. M.a er det foreslått at starten på vegen bør leggst mellom garasjen og vedhuset på gbnr.74/4 i staden for på vestsida av garasjen slik jordskifteretten sitt kart viser. Det er også peikt på at sidan mange av hyttetomtene er utskilt frå gbnr.74/4 bør traseen leggst på denne eigedomen og ikkje på naboteigen.

7.16 Avveging av verknader

Innspelet er lagt fram for grunneigar av gbnr.74/4 som er tydeleg på at ei slik justering er uaktuelt. Av respekt for prosessen som har vore i jordskiftesaka har ein difor i samråd med oppdragsgivar basert planframlegget på same trasè som jordskifteretten, men med nokre mindre justeringar.

I samråd med eigar av gbnr.74/4 er m.a veglina trekt noko sørover mot våningshuset. Dette gjev både kortare veg og ei betre terrengtilpassing. Tilsvarande mindre justeringar er gjort i austre del av vegen

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og i hovudsak avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL

I tillegg til vedtaket i Samfunnsutvalet kom det inn 8 innspel. Desse er vedlagt og kommenterte utdrag følgjer nedanfor:

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Statens Vegvesen (28.06.2016)

Ingen merknader.

9.1.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015)

Innspel:

- 1) Viser til at planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet både m.o.t sjø- og vassdrag, og at det såleis må takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre interesser. Vegen bør difor ikkje dimensjoneras større enn høgst nødvendig. Det må leggst vinn på å redusere naturinngrepet og også rydde og stelle til att når vegen er etablert.
- 2) Kryssing av bekken må ikkje øydelegge for det frie elveløpet og ein bør unngå å legge bekken i rør.
- 3) Tiltaket må handsamast etter naturmangfaldlova.
- 4) Vegen må leggst slik at ein så langt råd unngår å legge beslag på dyrkajord.

Kommentar:

- 1) *Vegen er dimensjonert med nøktern standard: 3m grusdekke + 1,5m regulert sideareal (grøft, skjering og fylling). Det er vidare lagt vinn på at vegen i størst mogleg grad følgjer terrenget – jfr. lengdeprofilar - så langt mogleg med maksimal stigning 1:8. Tilstelling etter inngrepet er teke inn som ein del av føresegnene som rekkefølgjekrav.*
- 2) *Forbi bekken er det lagt til grunn at ein unngår bruk av rør/stikkrenne men i staden etablerer betongdekke med opning under for bekken.*
- 3) *Tiltaket er vurdert i høve naturmangfaldslova.*
- 4) *Vegtraseen er noko innkorta og tilpassa terrenget i høve kartet frå Jordskifteretten – m.a for å*

redusere inngrepet i dyrkajorda. Ein legg elles til grunn at Jordskifteretten har gjort ei fagleg vurdering av bruken av dyrka mark opp mot øvrige omsyn i saka.

9.1.3 Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016)

Innspel:

I samband med varslinga kom det krav om arkeologisk registrering, men etter synfaring og prøver med jordbørr vart kravet trekt (jfr. brev datert 13.09.2016). Det viste seg at jordsmonnet er tynt med berg like under og delvis i dagen. Ein trekkjer difor kravet, men ber om at ein er varsam under opparbeidinga og melder frå om evt. funn. Ber også om at det vert teke bilete frå opparbeidinga av hyttevegen.

Kommentar:

Vert teke til vitande og innarbeidd i føresegnene.

9.1.4 Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015)

Innspel:

- 1) Viser til at området er LNF-område og at veggen vil berøre dyrkamark og skogsmark. Området er i tillegg ein del av eit viktig kulturlandskap. Det er viktig at veggen forbrukar minst mogleg dyrka jord og elles at den vert minst mogleg til ulempe for jordbruksdrifta. Ein må finne ei vegline som ligg godt i terrenget der drifta ikkje vert skadelidande. På bnr.2 må ein lage gode kantar slik at drifta vert mogleg og forsvarleg. På bnr.4 vil veggen skjere av jorda og med ein eldre veg nokre høgdemeter lenger opp vil arealet bli oppstykkka. Her må ein søkje løysingar som tek i vare den dyrka jorda også for framtida.
- 2) Frå bnr.1 er det kome signal om at ein ønskjer starten på veggen flytta til mellom våningshus og garasje, men kjenner ikkje til om dette er vurdert tidlegare eller om lina er fastlagd av jordskiftet eller om så store endringar er tema lenger.

Kommentar:

- 1) *Veggen er plassert slik at omsynet til dyrkamark og drift av denne vert ivaretatt. Traktorvegen ovanfor er gjengrodd (viser ikkje att i terrenget) men kan tilknytast nyevegen der ein måtte ynskje.*
- 2) *Jordskiftesaka med tilhøyrande kart dannar grunnlaget for planarbeidet, og ei flytting av vegtraseen til motsett side av garasjen vil vere ei vesentleg endring i høve dette grunnlaget. Ein føreset at alternative startpunkt vart vurdert i samband med jordskiftesaka.*

9.1.5 Mørenett (28.07.2016)

Innspel:

- 1) Viser til at det gjennom reguleringsområdet går eit lavspenningsnett (luftlinje) som straumforsyning til nokre av hyttene i området og at evt. omlegging av dette vert belasta utbyggjar.

Kommentar:

- 1) *Vert teke til vitande – to av stolpane må truleg flyttast.*

9.1.6 Håvard Botn (14.08.2016)

Innspel:

- 1) Det må sjekkast opp at vegtraseen ikkje kjem i konflikt med kvennafallet (renne og murarrangement) til bruk 74/1 – jfr. pkt.1 i vedlagt skisse.
- 2) Viser til at hyttevegen kryssar straum- og vassleidning til naustet til 74/1 – jfr. pkt.2 i vedlagt skisse.

Kommentar:

- 1) *Vegtraseen kjem ikkje i konflikt med desse arrangementa.*
- 2) *Evt. omlegging av straum- og vassleidning vert ein del av opparbeidinga av veggen.*

9.1.7 Rolf Botn (15.08.2016)

Innspel:

- 1) Viser til at det er frå gbnr.74/4 det er delt frå og selt hyttetomter, og at nokre av desse har rett til å forhandle om bilveg fram til hyttene sine. Meiner det er urimeleg at gbnr.74/1 skal gje grunn til denne retten ved at vegtraseen til hyttene vert lagt utanom gbnr.74/4 og inn på dyrka jord på gbnr.74/1.
- 2) Meiner at vegen bør ligge mellom garasje og vedskuret på gbnr. 74/4 der det er berre ur. Meiner vidare at vegen vert liggande finare i terrenget der, at den vert kortare og at garasjen om ynskjeleg kan flyttast. Ein slepp også å krysse straumførande jordkabel og vassleidning på gbnr.74/1 og sparer i tillegg dyrkajord.

Kommentar:

- 1) *Som omtalt ovanfor er det lagt til grunn at vegtraseen vist i jordskiftekartet skal følgjast.*
- 2) *Ei flytting slik skissert vil vere ei vesentleg endring i høve dette kartet sterkt i strid med grunneigar på gbnr.74/4 sine interesser.*

9.1.8 Jarle Håvik og Øystein Håvik (gbnr. 74/5, 74/10 – datert 20.08.2016 og 14.10.2016)

Innspel:

- 1) Meiner at vegen slik vist vil kome for nær hytta deira, og at vegen bør ende lenger oppe som vist i eit tidlegare utkast til jordskiftekart (datert 29.09.2009). Viser til at dette var tema i jordskiftesaka og at Bjørn Bjørndal kunne akseptere dette. Vedlagt innspelet følgjer kopi av innspel til jordskifteretten datert 04.04.2012 og kartskeisse frå jordskifteretten datert 29.09.2009.

Kommentar:

- 1) *Som omtalt ovanfor er det lagt til grunn at vegtraseen vist i jordskiftekartet skal følgjast. Ein føreset at vurderingar kring vegtraseen er gjort i samband med jordskiftesaka.*

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Regulert veglinje er basert på jordskifteretten sitt kart, med nokre mindre justeringar. Utover dette er det så langt praktisk mogleg teke omsyn til innkomne merknader og framlegget er difor etter vår vurdering tilstrekkeleg opplyst til at det kan gjerast vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.



Teiknforklaring

- Reguleringsplan PBL 2008**
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- SKV Køyreveg
 - SVT Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Linjesymbol**
- RpGrense
 - RpFormålGrense
 - Regulert senterlinje
- Punktsymboler**
- Brukar

Kartopplysningar
 Kjelde for basiskart: Volda kommune
 Dato for basiskart: 01.06.2016
 Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
 Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistans 1 m
 Kartmålestokk: 1:1000


Volda kommune

Framlegg til detaljplan for:
Hytteveg Botnen - gbnr.74/2,4 m.fl
Med tilhørande føresegner

Arealplan-ID:
1519-2016004

Forslagstillar:
Erik S. Andresen m.fl.

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn fråtil				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn fråtil				
1. gangs behandling:				
Kunngjering av oppstart av planarbeid: 21.06.2016				
Oppstartsmøte: 31.05.2016				
PLANEN ER UTARBEIDD AV:		TEGNNR.	DATO	SIGN.
		2344 01	28.11.2016	Jan M. Ose
Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak: _____ <div style="display: flex; justify-content: space-between; width: 100%;"> Dato Plansjef </div>				



Teiknforklaring

- Plangrense
- Vegtrase frå jordskiftekart
- Teiggrenser
- Vegskjæring - jord
- Vegfylling - jord
- Koter (1m)
- Stein (frå flyfoto)

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma	Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentralt: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no	

Prosjektnamn:
Detaljregulering hytteveg Løfold m.fl


Oppdragsgivar:
**Erik S. Andresen
Kronstadveien 23A
5053 Bergen**

Prosjekterande:

Tittel: Illustrasjonsplan	Teikna av: JMO
	Dato: 28.11.16
	Kontr.av:
	Dato:
	Erstatter teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.: 2344	Teikn.nr.: 911	Målestokk: 1:500	Rev.
----------------------	-------------------	---------------------	------





Detaljreguleringsplan for Hytteveg Botnen i Austefjorden – gbnr.74/2 m.fl.

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningssdato	Eigengodkjend av:
1519-2016004		dd.mm.åååå	Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet , sist revidert 28.11.2016.

§1. – GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

§4. – AREALBRUK

4.1. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1.1 Køyreveg (SKV)

- Køyreveg f_SKV1 og f_SKV2 opparbeidast med breidde som vist på plan.
- Vegar skal ha dekke av grus.
- Forbi elv/bekk frå Follavatnet - som betongkonstruksjon/lav køyrebru.
- SKV er privat og felles for eigedomar som grensar til og nyttar vegane.
- Det er høve til opparbeiding av avkøyrslar frå vegane til eigedomane langs vegen. Plassering av avkøyrslar i samråd med kvar enkelt grunneigar.
- Eksisterande landbruksveg kan tilknyttast f_SKV1.

4.1.2 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

- Innanfor formålet er det høve til opparbeiding av grøfter, skjering, fylling, terrengmurar og avkøyrslar til eigedomane langs vegane.
- Skjering og fylling kan leggest utom plangrensa ved behov.
- Jordskråningar tilsåast med stadeigen vegetasjon.
- SVG er privat og felles for eigedomar som grensar til og nyttar vegane.

§5. – FELLESFØRESEGNER

5.1. TERRENGBEHANDLING

- Terrengingrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal så langt råd tilsåast med stadeigen vegetasjon.
- Gravemassar fjernast frå området eller leggest der dei ikkje verkar skjemmande.

- c) Bekken frå Follavatnet skal ikkje leggest i rør.

5.2. VEGETASJON

- a) Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast.
b) Alt arbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.
c) Området må stellast til att straks vegen er etablert og før det vert gjeve bruksløyve.

5.3. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE


- a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Jørgen Amdam
-ordførar-

Rune Sjurgard
- rådmann-

HOH.

50
40
30
20
10
0
-10
-20
-30



0 50 100 150 200 250

PROFIL NR.	0.00	15.88	37.06	72.13	103.19	132.50	153.44	219.45	227.68	235.19	241.16	250.73	258.87	259.16																						
HOR. KURV.		R=20.00		R=30.00		R=300.00																														
BREDDEUTV.																																				
TVERRFALL (1%=2mm)	3.0%																																			
PROFIL H.	3.80	4.27	5.52	6.76	8.01	9.26	10.50	11.65	12.20	12.08	11.74	11.41	11.07	10.73	10.39	9.57	10.05	9.83	9.93	10.21	10.37	10.82	11.35	11.81	12.38	12.95	12.53	12.85	11.58	12.07	10.12	10.84	10.26	9.60	8.46	
TERRENG H.	3.68	3.83	5.19	6.66	8.19	9.64	10.56	11.50	12.19	12.17	11.51	11.13	10.71	10.59	10.09	9.57	10.01	9.80	9.80	10.21	10.37	10.82	11.35	11.81	12.38	12.95	12.53	12.85	11.58	12.07	10.12	10.84	10.26	9.60	8.43	
OVERBYGN.T.																																				

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516 Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no			
Prosjektnavn: Detaljregulering hytteveg Løfold m.fl.			
Oppdragsgivar: Erik S. Andresen Kronstadveien 23A 5053 Bergen			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Lengdeprofil f_SKV1		Teikna av: JMO Dato: 28.11.16 Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:	
Teikningstype: PLANILLUSTRASJON			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2344	201	1:1000, 1:500	


HOH.

30

20

10

0



0

50

100

0.00

8.63

18.03

28.63

35.61

79.12

102.99

119.64

PROFIL NR.

HOR. KURV.

BREDDEUTV.

TVERRFALL

(1%=2mm)

— H.kj.b.k.

- - - V.kj.b.k

PROFIL H.

TERRENG H.

OVERBYGN.T.

R=9.00

R=15.00

3.0%

3.0%

12.44

12.94

14.52

13.53

14.84

14.66

14.91

15.18

14.92

15.39

15.92

15.60

15.82

15.82

15.75

16.03

16.29

16.24

16.23

15.58

14.65

14.03

12.56




12.49

10.53

11.00

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516 Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no			
Prosjektnavn: Detaljregulering hytteveg Løfold m.fl			
Oppdragsgivar: Erik S. Andresen Kronstadveien 23A 5053 Bergen			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Lengdeprofil_f_SKV2		Teikna av: JMO Dato: 28.11.16 Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:	
Teikningstype: PLANILLUSTRASJON			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2344	202	1:500, 1:200	

2344_Utsnitt frå 3D-modell



Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Plan- og bygningslova § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga:

§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarheitsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarheitsanalyser.

Føremålet er å gi grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan også oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplansaker, men den som skal utarbeide arealplanar og planstyresmakta må i kvart tilfelle vurdere om bruk av denne sjekklista er føremålstenleg. Einkvar står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gir størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande ROS-vurdering av dei avdekte forholda. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko- og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Når sjekklista er gjennomgått må dette dokumenterast i saksframstillinga som ei stadfesting av at risikoen i det aktuelle området er vurdert. Når uakseptabel risiko vert påvist, eller dersom den som utarbeider planen er usikker på om det føreligg uakseptabel risiko, må det hentast inn tilstrekkeleg fagkyndige vurderingar før planen vert vedteken eller byggeløyve vert gitt.

Aktuelle lenker:

Miljøverndepartementet:

- [Plan- og bygningslova](#)
- [Rundskriv T-5/97 Arealplanlegging og utbygging i fareområde](#)
- [Forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven](#)
- [Veileder til forskrift om konsekvensutredninger – planlegging etter plan- og bygningsloven](#)

Direktoratet for byggkvalitet:

- [Byggjereglar på ein stad](#)
- [Forskrift om tekniske krav til byggverk \(Byggteknisk forskrift / TEK10\)](#)
- [Rettleiar til byggteknisk forskrift \(TEK10\)](#)
- [Temaretteliear HO-1/2008: Utbygging i fareområde](#)

Noregs vassdrags- og energidirektorat:

- [Retningslinjer 2-11. Flaum- og skredfare i arealplanar](#)

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap:

- [Samfunnstryggleik i arealplanlegging. Kartlegging av risiko og sårbarheit](#)
- [Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ivareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga](#)
- [Rettleiar om GIS i samfunnstryggleik og arealplanlegging](#)
- [Havnivåstiging i norske kystkommunar](#)
- [Handtering av havnivåstiging i kommunal planlegging](#)

Statens strålevern:

- [Busetnad nær høgspontanlegg - informasjon til kommunar og utbyggiarar](#)
- [Radon i inneluft – helseisiko, målingar og mottiltak](#)

Noregs geologiske undersøking:

- Nasjonal skreddatabase på nett: www.skrednett.no


Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare- liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds- risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkes- beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstutrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	



Sjekklista er gjennomgått den 28/11 – 2016 av sign:



P. Mulvik as

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/953	6886/2016	2016004	UTV/ PERHEL	09.06.2016

**PLAN ID 1519 -2016004: REGULERINGSPLAN FOR HYTTEVEG BOTNEN I
AUSTEFJORDEN GNR 74/2,4 MFL.
FØREHANDSKONFERANSE**

Det vart i dag 31.05.2016 gjennomført oppstartmøte vedkomande aktuelt detaljplanarbeid for hytteveg på del av gnr 74/2 og 74/4 i Botnen i Austefjorden.

Planlegging vert sett i gang etter innspel frå eigar, og er basert på vedtak i S.S. Jordskifterett sak nr. 1510-2007-0011-Løfold.

Det er her lagt ut aktuell vegtrase for veg til etablerte hytter og eigedomar i området, med atterhald om godkjenning etter Plan og Bygningslova gjennom reguleringsplan.

Desse møtte:

For tiltakshavar: Plankonsulent- Jan Magnus Ose -P.Mulvik as

Oppdragsgjevar Erik S. Andresen var delvis ned pr telefon.

Volda kommune: Planleggar Per Heltne, Berit Sandvik Skeide

Avd. ing Asbjør Aasebø - teknisk sektor

Tiltakshavar/plankonsulent gjorde kort greie for det utgangspunkt som Jordskifteretten har lagt for arbeidet og kva planavgrensing ein såg føre seg.

Ynskje om klar avgrensing av oppdraget til å omfatte berre sjølve vegen med naudsynte tilhøyrande terrenginngrep.

Dette ut frå at det ikkje er ein planprosess for å legge til rette for meir hyttebygging i området elle for auka standard.

Bakgrunn er ynskje om å få bort trafikk og parkering i og ved tunet på 74/4 og legge klare føringar for tilkomst til etablerte tomter/hytter.

Det vart peika på avvik i kartgrunnlag mellom jordskiftekart og kommunen sin kartbase (fkb og eigedomsdata).

Kommunen skisserer følgjande utgangspunkt for eventuell planoppstart:

Området ligg i kommuneplan som LNF-område. Det er fleire eksisterande hytter i området, og dei skisserte uavklara vegproblema har vore tema tidlegare ved ulike høve. Kommunen ser positivt på at ein no gjennom jordskifteordninga har kome fram til løysing som partane ynskjer gjennomført.

Planlegging vil bli å gjennomføre etter reglar og føresetnader nedfelt i plan og bygningslova kap 12, jf § 12-11.

Aktuell veg har utgangspunkt i eksisterande felle privat veg. Kommuneplan legg til grunn at det gjennom rettar er sikra tilkomst over denne fram til kommunal veg. Ut frå dette har ein ikkje innvendingar til aktuell planavgrensing.

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70058717

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Tiltakshavar /plankonsulen skisserer fylgjande tankar knytt til planavgrensing:

Framlegg til plangrense er vist på teikning 2344_903 med breidde 6m herunder 3m grusdekke og 1,5m på kvar side til grøft. Skjæring og fylling kjem i tillegg. Ifølge Andresen er det truleg ein del fjell i området – anslagsvis 0,5m jord over fjell – men skjæringsutslaga vist på teikningar er basert på jord, dvs. 1:1,5.

Konklusjonplanavgrensing:

Planavgrensinga kan ta utgangspunkt i vegløyning vist i jordskiftesaka, men må ta høgde for naudsynte justeringar ut frå innmåling av terreng, linjeberekning, og også omfatte behov for terrenginngrep som fylgjer av naudsynte skjeringar og fylling som fylgjer av planløyninga. Bør også ha avgrensing som gir handlingsrom for naudsynt justering av veglinje og avsluttande endepunkt mot aktuelle eigedomar, slik at føresetnadane om tilkomst for parkering på eiga tomt kan gjennomførast med tilfredsstillande stigningstilhøve og god terrengtilpassing. Plangrense kan eventuelt innskrenkast til å berre omfatte den fysiske vegområdet med skjering/fylling etter at teknisk planlegging av vegen er fullført. (Det må då i så fall ligge føre avtale med dei aktuelle grunneigarane om at slike skjeringar/fyllingar kan ligge utanfor regulert område.)

Andre stikkord for planarbeidet:

Feil/avvik i kartgrunnlag vert å ta opp direkte med Utvikling/oppmålingsseksjonen.

Kommunen sender over grunneigaroversikt/aktuelle høyringsinstansar.

Kommunen har ikkje registrert særlege tilhøve som vil vere i direkte konflikt med tiltaket.

Det er historisk sett truleg knytt kulturminne til området langs elva og ved vatnet som bør nærare avklarast gjennom plan

Vurdering i høve til landbruk/skog.

Vurdering i høve natur og miljø.

Vurdering i høve til naturmangfaldslova.

Oppstart av planarbeidet vert å varsle/kunngjere på vanleg måte etter reglane i PBL ved annonse i Møre og på kommunen si heimeside, samt tilskriving av statlege og fylkeskommunale faginstansar og direkte røynde partar/naboar.

Ved oppstartvarsel skal Fylkeskommunen sin web-baserte oversending av plansaker nyttast.

Krav til innhald i planleveransen:

Forslagsstillar leverer sosi-fil med planavgrensing til kommunen ved varsel om oppstart av planarbeid.

Ved innsending av planframlegg skal fylgjande vere med:

- Plankart jf. *Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister* og *Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister*. Plankart skal leverast både som pdf-fil og som sosi-data.
- Reguleringsføresegner jf. PBL § 12-7.
- Planomtale jf. PBL § 4-2. Skal omtale føremål med planen, hovudinnhald og verknader.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse jf. PBL § 4-3. Fylkesmannen si sjekklister kan nyttast.
- Innkomne merknader og uttaler med notat som oppsummerar og kommenterer desse, skal inngå i planomtalen.
- Teknisk grunnlag for vegar m.v Evt. Illustrasjonar (terrengmodellar, 3D-illustrasjonar m.v.).

Plandokument leverast gjerne som e-post til postmottak@volda.kommune.no med kopi til sakshandsamar per.heltne@volda.kommune.no .

Kommunen har fastsett gebyrregulativ for plansaker.

Gebyr vert utrekna ut frå storleik på planområdet, i dette høvet innanfor gjeldande minstesats.

Tiltaket kjem inn under gebyrvedtektene pkt 2.4 -hytteplanar - og det vert såleis rekna 50% gebyr.

Sakshandsamingsgebyr 16.000 +arealgebyr 24.200= kr. 40.200 *50% = **kr. 20.100**

Faktura for gebyr vil bli sendt ut etter motteke varsel om planoppstart, og forfell til betaling før plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, uttalar frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. vil kunne gje nye moment eller føre til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men avgjer ikkje viktige punkt som ein føreset skal belysast i vidare planutarbeiding, og planprosess fram til endeleg politisk vedtak.

Med helsing

Per Heltne (Sign)

planleggar

Kopi:

Formannskapet til orientering

Berit Sandvik Skeide

Torgeir Stensø/Bjørn Reite

Asbjørn Aasebø

Børild Skåra

Nina Hovden Eidheim

Aktuelle høyringsinstansar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

NVE

Tussa Nett AS, Dragsund, 6080 Gurskøy

Telenor Networks v/Servicesenter for nettutbygging, sfn@telenor.com

Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR), Torvmyrvegen, 6150 Ørsta

Internt i kommunen: (Kan sendast på e-post samla til postmottak/volda kommune)

Teknisk sektor

Utvikling

Kultur og service

Volda -Ørsta Landbrukskontor

Barnerepresentanten i plansaker

Aktuelle kontaktpersonar i kommunen:

Utvikling:

Planleggingsprosess/plangrunnlag : Per Heltne/Berit Sandvik Skeide

Kartgrunnlag: Torgeir Stensø/Bjørn Reite

Teknisk sektor:

Kommunaltekniske anlegg/utbyggingsavtale: Asbjørn Aasebø

Landbruksspørsmål: Børild Skåra

Barnerepresentant: Nina Hovden Eidheim

Grunneigarliste ligg ved.

To bnr manglar, her må tiltakshavar sjekke ut:

gnr 74 bnr 9 (Ola Hamre -død) og 74/11. Tiltakshavar må elles så langt mogeleg ut frå lokalkunnskap sjekke ut om det er andre med rettar, eigedomar i området som vert røyrd av tiltaket og som ikkje er registrert i matrikkel.

SV: sak reguleringsframlegg hytteveg i Botnen i Austefjorden

sak

vedtaket i sak 22/17 den 31.01.2017?

"Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen."

Tilleggsopplysingar:

Det er ein dom i jordskifte som ligg til grunn for det igangsette planarbeidet.

Partane er såleis ut frå jordskiftesaka privatrettsleg forplikta til å gjennomføre dette planarbeidet.

Jordskiftevedtaket kan ikkje gjerast endeleg før vegløyvinga er handsama og godkjent i høve til Plan og bygningslova. Dv.s ved godkjent reguleringsplan.

I reguleringsprosessen er det fyrst og fremst omsyn til andre interessar som skal avklarast.

Men også eventuelle avvikande syn og haldningar mellom partane i saka vil då også kunne kome fram gjennom høyringsprosessen.

Krav om reguleringsplan før godkjenning etter Plan og bygningslov er framsett av Volda kommune ved vedtak i det faste planutvalet den 06.06.11, sak 47/11, der det vart gjort slikt vedtak: *"DFP viser til jf. PBL §12-1, jf. Kommunen sin kystzoneplan for området, og krev utarbeidd reguleringsplan for området som grunnlag for bygging av ny tilkomstveg.*


Utarbeiding av reguleringsplan vil gje ei betre og tilfredsstillande avklaring i høve til andre interessar i området og gjennom planprosessen også legge eit godt juridisk grunnlag for gjennomføring av tiltaket." (arkivsak 2009/1771).

I varsel om oppstart av planarbeid frå P.Mulvik as er det vist til grunnlaget i jordskiftesaka.:

" planId 2016004 -: Reguleringsplan Hytteveg -Botnen i Austefjorden. gnr 74 bnr 2,4 m.fl.

Målet med planarbeidet er å legge til rette for opparbeiding av vegtilkomst til hyttene i området i samsvar med jordskiftekart over Løfold m.fleire, datert 16.06.2010.

(jf Jordskiftesak.nr.1510-2007-0011) Utsnitt av kartet er vedlagt, og planavgrensning markert med gul farge."



Nedanfor fylgjer utdrag frå rettsbok Søre Sunnmøre Jordskifterett:

Sunnmore jordskifterett- Rettsbok

Sak: 1510-2007-0011- Løfold m.fl. gnr. 73-74 i Volda kommune

Oppstarta: 08.04.2008 - Avslutta: 05.11.2014

Utdrag frå vedtak:

"3 Sams tiltak.

Utarbeiding av reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010.

Jordskifteretten vedtek at det skal utarbeidast reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010.

Jordskifteretten utpeikar Edvin Løfoll, Line Homberset og Håvard Botn til styringsgruppe for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv.

For gyldig vedtak krev ein at minst to i styringsgruppa stemmer for.

Styringsgruppa får fullmakt til å inngå avtale med arealplanleggar for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa skal også vere arbeidsgruppe for planarbeidet.

Planarbeidet skal vere oppstarta innan 6 månader etter at saka er rettskraftig.

Styringsgruppa skal føre rekneskap for planarbeidet og skal krevje inn tilskot frå interessentane i samsvar med fordelinga ovanfor. I samband med det har styringsgruppa —om naudsynt— fullmakt til tvangsinndrivning.

Når reguleringsarbeidet er ferdig skal spørsmål om gjennomføring av reguleringsplanen som sams tiltak etter jordskiftelova handsamast av jordskifteretten under sak nr. 1510-2014-0035.

5 Avslutting av saka

Sak nr. 1510-2007-0011 blir avslutta i dette motet.

Spørsmålet om sams tiltak for bygging av ny veg til fritidseigedomane i området vert overført til ny sak med saksnr. 1510-2014-0035. Denne saka vert utsett til reguleringsarbeidet er ferdig.

6 Forkynning

Forkyrming skjer etter reglane for postforkynning. Fristen for anke er ein månad frå forkynning. Reglane om anke ligg ved forkynninga.

7 Iverksetjing

Avgjerdene i denne saka vert sett i verk når saka er rettskraftig.

Saka slutt og retten heva. Ørsta 05.11.2014"

Eg rår til at saka vert teken opp att og at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Volda 10.02.2017

Per Heltne

sakshandsamar

Volda kommune

Att: Per Heltne

Stormyra 2

6100 Volda

per.heltne@volda.kommune.no

Dykkar ref.: PS 22/17 Planid 2016004

Bergen, 13. februar 2017

**PS 22/17 Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden
- gbr 74/2, 4 m.fl.**

1 INNLEIING

Eg syner til protokoll frå møte i formannskapet 31. januar 2017 og avisa Møre si utgreiing frå møtet, på trykk 10. februar 2017.

Eg har bistått styringsgruppa som er utpeika av jordskifteretten for utarbeiding av aktuelle reguleringsplan med det praktiske arbeidet og vil av den grunn følge opp formannskapets vedtak.

Av protokollen kjem det fram at formannskapet fatta slik vedtak:

"Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen."

Det er uklart kva grunngjeving formannskapet ynskjer. Det er heller ikkje vanleg at eit politisk organ kan be ein domstol om nærare utgreiing for eit resultat. Ut frå utgreiinga i Møre kan det tyde på at formannskapet eigentleg har meint at ein ynskjer å få framlagt jordskiftedommen.

2 FORKYNT RETTSBOK OG FØREBELS JORDSKIFTEKART

Vedlagt følgjer forkynt rettsbok frå Sunnmøre jordskifterett der alle vedtak i saka kjem fram. I tillegg følgjer jordskiftekartet som rettsboka syner til. Som det kjem fram av paginert side 45 (side 49 i pdf-fila) framgår det at

"Jordskifteretten vedtek at det skal utarbeidast reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010."

Eg ber formannskapet merke seg oversendingsbrevet dagsett 24. november 2014 der det klart går fram at

"Ankefristen er ein måned rekna frå forkynningsdatoen. På grunn av rettsferien vert ankefristen sett til 15. 01.2015."

Ingen av partane anka avgjerda og vedtaket har vore rettskraftig i over 2 år. Det er derfor med uro eg les i Møre at representant Odd Harald Sundal rettar kritikk mot at vegtrasseen der dei fyrste 20 metrane av vegen skal gå over gnr. 74 bnr. 1. Eg finn difor grunn til å rette nokre merknadar til desse utspela.

Utsegna frå Sundal framstår nærast som om formanskapet skal fungere som overformynderi over grunneigar som har slått seg til ro med vedtaket og ikkje anka vedtaket innan ankefristen.

Det er eit fundamentalt og grunnleggjande maktfordelingsprinsipp som ligg til grunn for rettsstaten. Dette maktfordelingsprinsippet gir ikkje rom for at folkevalde organ kan overprøve domstolens vedtak og grunngevinga som ligg til grunn for dette.

Vegtrasseen som er under regulering følgjer førebels jordskiftekart dagsett 16. juni 2010 i tråd med rettens vedtak. Forut for at jordskifteretten teikna nevnte vegtrasse har det vore gjort ei rekke vurderingar frå jordskifteretten si side om dei ulike grunneigarane sine behov. Eg syner til paginert side 11 siste avsnitt (frå møte 24. september 2009) og vedtaket gjort 4. juni 2010, paginert side 18 -19. For ordens skyld tek eg inn retten si vurdering som ligg til grunn for førebels jordskiftekart, vedtaket og reguleringsplanen:

Her er framleis ei sterk usemje mellom eigarane av gnr 74/l og eigar av gnr.74/4 om korleis vegen bør gå dei første ca.20 m. Retten finn å halde fast på vurderinga som vart gjort i møtet 24.09.09 om at den beste vegløyninga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr. 74/l. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av si nausttomt. Denne veg- og parkeringsløyninga legg beslag på ca.200 kvm. dyrka areal på gnr.74/1, men frigjer areal i strandsona (parkering for gnr. 76/l og for festetomta under 74/1). Retten ser det slik at også eigar av gnr. 74/1 vil ha klar nytte av den planlagde vegen.

At eigar av gnr. 74/l har ytt areal i si strandsona lang tid tilbake til den eksisterande vegen, kan ikkje medføre at eigar av gnr. 74/1 no ikkje skal yte veggrunn til den nye vegen slik jordskifteretten foreslår. Retten viser også til at den gamle sjøvegen, jf. dok. nr. 15 og 16 går over gnr.74/l i sørvest for den no planlagde vegen. Den gamle sjøvegen vert etter forslaget til sams tiltak teken vekk på areal til gnr.74/l.

Gnr.74/1 har fleire tomteareal i området som får vegutløyning og har dessutan skogs- og beiteareal nordaust for enden av vegen, med tilhøyrande vegrett over gnr.74/4.

Jordskifteretten har dermed gjort det klart at grunneigar, som representant Sundal gir uttrykk for å skulle yte eit særskilt vern mot eit rettskraftig vedtak, har nytte av vegen. Vegstykket det handlar om gjeld dei første 20 metrane og det er totalt ca 200m2 som går med til vegen og parekringsareal. Samstundes med etablering av veg og parkering får grunneigar frigjort anna areal i eiga strandsona. Det er dermed ikkje slik at heile arealet gjeld vegtilkomst for hytteeigedomar utskild frå annan grunneigar sin grunn. Det gjeld også parkeringstilhøve for festetomt utskilt frå den aktuelle grunneigaren og parkeringstilhøve for ein annan nausteigedom som har retter på 74/1.

3 AVSLUTNING


Eg ber om at formannskapet merkar seg at saka kom inn for jordskifteretten i 2007 og at første rettsmøte vart avholdt 8. april 2008. Saka har teke svært lang tid, og utfordringar med parkering og tilkomst har ikkje minka dei siste 10 åra. Alle partar har trong for å få løyst desse utfordringane

Eg vonar derfor at formannskapet vil ta opp saka på nytt på fyrstkomande møte, 14. februar 2017 slik at prosessen etter plan- og bygningslova kjem i gong.

Med venleg helsing



Erik Staurset Andresen




SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

Jordskiftekart over

LØFOLD M.FL.

i Volda kommune



Austefjorden



TEKNIKKFORKLARING

- ⊕ Jordmerke
- ⊗ Bolt i fjell
- ⊗ Bolt i stein
- ⊗ Kors i fjell
- ⊠ Grensestein
- ⊙ Borhol
- ⊕ Gjerdestolpe
- Umerka punkt
- Jernbolt, metallstong
- - - Eidomsgrænse
- - - Bruksrettsgrænse
- 2 Punktnr.
- ① Grensenr.

Førebels kart
16.06.2010
G.H.

SAK NR. 1510-2007-0011
Avslutta xx.xx.2009
Kartarkivnr. xxxxxx
Blad 1 av 1
Saka gjeld gnr. - 74
Teknisk saksbehandlar -
avd.ing. Gunnar Heltne



SUNNMØRE
JORDSKIFTERETT

Til partar, jf. adresseliste

Saksnummer
1510-2007-0011

Vår referanse
942/14

Vår dato
24.11.2014

Forkynning av rettsbok

Sak 1510-2007-0011 Løfold ved Sunnmøre jordskifterett blei slutta 05.11.2014. Rettsboka i saka ligg ved og vert rekna som forkynt 02.12.2014.

At dokumentet er forkynt, vil seie at det er kome fram til deg, slik at du kan gjere deg kjend med innhaldet. Forkynningsdatoen ovanfor er utgangspunkt for ankefristar m.m.

Dersom du får dette brevet seinare enn datoen som er nemnd ovanfor og ønskjer å gjere dette gjeldande, må du straks melde frå til kontoret vårt. Det må gå fram av meldinga kva som er årsaka til forseinkinga.

Ankefristen er ein månad rekna frå forkynningsdatoen. På grunn av rettsferien vert ankefristen sett til **15.01.2015**.

Spørsmål om forkynninga kan takast opp over telefon eller ved personleg frammøte på kontoret til jordskifteretten. *Ver venleg å stadfeste at du har fått brevet ved å underteikne og returnere svarslippen i den vedlagde frankerte konvolutten snarast. Dersom vi ikkje får mottakskvitteringa i retur innan fristen, blir dokumentet forkynt for deg på bustad eller arbeidsplass av stemnevitne/lensmann.*

Dersom du skuldar jordskiftekostnader, jf. kapittelet Jordskiftekostnader i rettsboka, vil du i eige brev få tilsendt faktura frå Domstoladministrasjonen. Betalingsfristen går fram av fakturaen. Det er viktig at du nyttar kid-nummeret ved betaling.

Med helsing
Sunnmøre jordskifterett


Marit Rødal
førstekonsulent

- Vedlegg
- mottakskvittering
 - rettsbok
 - kopi av jordskiftekart
 - kopi av jordskiftelova kap. 7 - rettsmiddel
 - adresseliste
 - orientering om anke

Postadresse
Postboks 102
6151 Ørsta

Besøksadresse
Strandgt. 5 A
6150 Ørsta

Telefon 70048180
Telefax 70048181
sunnmore.jordskifterett@domstol.no

www.jordskifte.no
Org.nr. 974 745 674



Sunnmøre jordskifterett

Rettsbok

Sak: 1510-2007-0011

Løfold m.fl. gnr. 73-74

i Volda kommune

Oppstarta: 08.04.2008

Avslutta: 05.11.2014



**RETTSBOK
FOR
SUNNMØRE JORDSKIFTERETT**

År 2008 den 8. april vart jordskifterett sett på Samhald, 6110 Austefjorden.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl

**Jordskifte-
meddommarar:**

1. Olav Magne Folkestad, 6120 Folkestad
2. Solfrid Nautvik, 6120 Folkestad

**Protokoll-
førar:** Rettsformannen.

Avdelingsingeniør Gunnar Heltne assisterte retten.

Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl. gnr. 74-73 I VOLDA KOMMUNE

Partar-til stades:

Eigar av gnr. 73/2, Elsa Sandal, Runnaleitet 18, 6800 FØRDE

Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik etterkomarar, v/ Marit Iversen, Grendavegen 1, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik etterkomarar, v/ Jenfrid Berg, Høydal, 6110 AUSTEFJORDEN

Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik etterkomarar, v/ John Gerhard Leirvik, Postboks 283, 6065 ULSTEINVIK

Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik etterkomarar v/ Ruth Sandnes, 6110 AUSTEFJORDEN

Eigar av gnr. 73/5, John G. Leirvik, Postboks 283, 6067 ULSTEINVIK

Eigar av gnr. 74/1, Ruth og Rolf Botn, 6110 AUSTEFJORDEN

Eigar av gnr. 74/2, 74/11, Ståle K. Løfoll, 6110 AUSTEFJORDEN, her møtte også kona Janne Løfoll.

For eigar av gnr. 74/6, Line Homberset, Mosevegen 11, 6100 VOLDA, møtte dei andre eigarane av gnr. 74/6 med skriftleg fullmakt

Eigar av gnr. 74/6, Tore Andresen, Mylnevegen 23 c, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 74/6, Erik Staurset Andresen, Skuteviksveien 23 b, 5032 BERGEN

Eigar av gnr. 74/6, Brit Staurset, Raudemyrvegen 6 c, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 74/7, Gunn Jorunn Bjørdal, Bjørdal, 6150 ØRSTA, her møtte også mannen Bjørn Bjørdal.

For eigar av gnr. 74/8, 74/12, Olga N. Åslid, Porsemyrvn. 11, 6100 VOLDA, møtte broren Einar Rasmussen med skriftleg fullmakt.

Eigar av gnr. 74/9, Ola Hamre d.bu, v/ Runar Hamre, Steinråsa 53, 5306 ERDAL

Eigar av gnr. 76/1, Johan Slåttelid, 6110 AUSTEFJORDEN, som opplyste at han godtok å møte utan lovleg varsel

Bente Elin Berg Rusten Garshol, Røyslidvegen 15, 6100 VOLDA, eigar av hytte med bygsla tomt på 74/1

Tone Berg Rusten, Hallkjellsgt. 17, 6100 VOLDA

eigar av hytte med bygsla tomt på 74/1

Partar-innkalla, men ikkje til stades:

Eigar av gnr. 73/5, Synnøve Leirvik, Postboks 283, 6067 ULSTEINVIK

Eigar av gnr. 74/1, Rut Botn, 6110 AUSTEFJORDEN

Eigar av gnr. 74/4, Edvin Løfoll, Vevendelvn. 30, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 74/10, Jarle Håvik, Kjeldeteigen 8, 6856 SOGNDAL

Eigar av gnr. 74/10, Øystein Håvik, Anthon Wallesvei 14 A, 1337 SANDVIKA

Eigar av gnr. 74/13, Ruth N. Vartdal, Nordre Vartdal, 6170 VARTDAL

Hilde Berg Rusten, Granmeisveien 22, 4328 SANDNES,

eigar av hytte med bygsla tomt på 74/1.

Møtet gjeld:

Rolf Botn har den 10.05.07 kravt jordskifte på gnr. 73-74 i Volda kommune

Rettsformannen viste til reglane i domstolslova som går fram av innkallinga til møtet.

Ingen kjende til tilhøve som kunne gjere nokon av rettsmedlemane ugild etter §§ 106 og 108 i Domstolslova.

Begge jordskiftemeddommarane har tidlegare gitt forsikring.

Retten vart erklært for lovleg sett.

Desse dokument vart framlagt :

Dokument nr. 1 : Krav om jordskifte, dat. 10.05.2007, underteikna av Rolf Botn.

Vedlegg 1: Nærare forklaring om kravet, dat. 10.05.07.

Vedlegg 2: Grunneigarliste på Løfoll

Vedlegg 3: 2 stk. fargefotografi.

Dokument nr. 2 : Forkynning av krav om sak, dat. 30.05.07.

Dokument nr. 3 : Forkynning av krav om sak for Runar Hamre, dat. 28.01.08.

Dokument nr. 4 : Kopi av skjøte for gnr. 74 bnr. 7, dat. 26.08.1961.

Dokument nr. 5 : Skriv frå John Leirvik, dat. 04.06.07.

Dokument nr. 6 : Skriv frå Ruth Sandnes, dat. 04.06.07.

Dokument nr. 7 : Skriv frå Jenfrid Berg, innkome 06.06.07.

Dokument nr. 8: Skriv frå Marit Iversen, dat. 05.06.07.

Dokument nr. 9 : Innkalling til møtet, dat. 10.03.08, vedlagt kvittering for rek. brev.

Dokument nr. 10 : Kopi av skriv frå Rolf Botn til Edvin Løfoll, dat. 30.07.05.

Dokument nr. 11 : Skriv frå Ruth Vartdal, innkome den 31.03.08.

Dokument nr. 12 : Skriv frå Ragnar Høydalsvik, dat. 04.04.08.

Dokument nr. 13 : Fullmakt frå Olga Åslid, dat. 07.04.08.

Dokument nr. 14 : Fullmakt frå Line Homberset, dat. 07.04.08.

Dokument nr. 15 : Utskrift av jordskiftesak for gnr. 74 innmark, avslutta 25.07.1927.

Dokument nr. 16 : Kopi av jordskiftekart vedk. gnr. 74 innmark, oppmålt 1926.

Partane vart orienterte om ansvaret dei har når dei forklarar seg for retten.

Rolf Botn, gnr. 74/1, fekk ordet og framstilte jordskiftekravet.

Dei andre partane fekk ordet.

John G. Leirvik, gnr. 73/4 og 5, Elsa Sandal, gnr. 73/2, Einar Rasmussen, gnr. 74/8,12, Runar Hamre, gnr. 74/9, Johan Slåttelid, gnr. 76/1, Erik Andresen, gnr. 74/6, Bente Berg Rusten Garshol, festar av tomt på gnr. 74/1, Gunn og Bjørn Bjørdal, gnr. 74/7, framstilte alle sine synspunkt på jordskiftekravet.

Det vart gjennomført synfaring saman med partane til det aktuelle området på gnr. 73 og 74. Partane kom med fleire synspunkt. Ståle Løfoll, gnr. 74/2 ga også sine synspunkt.

Etter synfaringa heldt møtet fram på Samhald.

Partane fekk høve til å kome med replikkar/avsluttande synspunkt vedkomande fremjing av saka. Fleire av partane meinte at jordskifteretten bør kontakte ein entreprenør for å få vurdert kostnader med alternative løysingar for felles veg og parkering.

Det vart så orientert om vidare saksgang. Møtet med partane vart avslutta.

I einerom gjorde retten slikt samrøystes

Vedtak :

Kravet frå Rolf Botn har bakgrunn i tilhøva vedkomande bruk av ein køyreveg over hans innmarkseigedom ved sjøen, og uløyves parkering på hans eigedom på og ved denne vegen. Vegen går også delvis over gnr. 73. Rolf Botn er innstilt på at dei mange hytteeigarane på gnr. 74 også skal få bruke vegen som køyreveg, samt eigar av nausttomta til gnr. 76/1 og eigar av gnr. 74/2, men dei må då saman med eigar av gnr. 74/4 stå for vegvedlikehaldet.

Parkering på gnr. 74/1 kan kun gjerast for festarane av hyttetomta på gnr. 74/1 og eigar av nausttomta til gnr. 76/1. Eigarane av dei 6 hyttetomtene som er frådelt frå gnr. 74/4 må parkere på gnr. 74/4, nødvendig veg/parkering på gnr. 74/4 må etablerast.

Rolf Botn vil vederlagfritt legge ned kufeller i vegen der den går i byte med gnr. 73 og med gnr. 74/4.

Rolf Botn set som vilkår at han skal kunne omlegge vegen på sin eigedom, mot å ta kostnaden med vegomlegginga, samt at han får rett til å sette opp bygningar inntil 0,5 m frå vegen.

Eigarane på gnr. 73 bnr. 2, 4 og 5, har alle gjort det klart at dei ikkje har noko i mot at vegen der den går over deira eigedomar, blir brukt av fleire frå gnr. 74 og frå gnr. 76/1.

Men dei seier at vedlikehaldet må gjerast av desse vegbrukarane, det var føresetnaden då vegen vart bygt av dåverande eigar av gnr. 74/4, truleg i perioden 1955-60.

Elsa Sandal, gnr. 73/2, ynskjer også ein rett til å sette opp bygningar inntil 0,5 m frå vegen. Ragnar Høydalsvik har i dok. nr. 12 gjort det klart at han som eigar av gnr. 73/1, meiner å ha rett til felles sjøveg på gnr. 73 Botn.

Einar Rasmussen, for gnr. 74/8, og Runar Hamre, gnr. 74/9, meiner begge at eigedomane har munnleg rett til parkering på gnr. 74/4 og at ein parkeringsplass må opparbeidast ved tunet på gnr. 74/4, dei treng ikkje veg fram til hyttene. Dei vil ta sin del av vedlikehaldet på eksisterande veg.

Erik Andresen, for gnr. 74/6, vil ha nærare vurdert alternative løysingar for vegframføring og parkering for hyttetomteigarane, eit alternativ kan også vere å føre veg fram til grensene for alle hyttene, kvar hytteeigar kan då parkere på eigen grunn. Han er imot at eigar av gnr. 74/1 fritt skal kunne flytte den eksisterande vegen. Det bør også vurderast å legge vegen på sørvestsida av bnr. 4 sin garasje.

Eigar av gnr. 74/6 har vore med på vegvedlikehald tidlegare og vil ta sin del i framtida.

Bente Berg Rusten Garshol, eigar av festetomt på gnr. 74/1, peikar på at det må vere plass til fleire bilar pr. hyttetomt, ho vil gjerne ha vurdert alternative løysingar for veg og parkering over gnr. 74/4.

Gunn og Bjørn Bjørdal, gnr. 74/7, opplyser også at dei har rett til parkering på gnr. 74/4, dei har også rett til å få bilveg fram til eigedomen "etter nærare overenskomst", jf. dok. nr. 4.

Dei vil også ha vurdert alternative løysingar, kanskje vil ei "mellomløysing" der vegen vert avslutta med ein felles parkeringsplass ikkje alt for langt frå hyttene, vere fornuftig. Det må vere plass til fleire bilar pr. hyttetomt. Hyttene vert ofte brukte på same tid av dei fleste, og med besøkande, slik at det i dag vert stor mangel på tilordna parkeringsareal på gnr. 74/4.

Ståle Løfoll, gnr. 74/2, kan vere interessert i vidareføring av veg fram til sin eigedom ved sjøen, men dette avheng av kostnadane. Han har ikkje noko imot at del av eksisterande sjøveg på bnr. 2 vert nytta som ein del av vegframføring til det aktuelle området, likeeins har han ikkje noko imot at eigar av gnr. 76/1 framleis kan ha gangvegrett over hans eigedom ned over til grensa mot bnr. 4/bnr. 1.

Johan Slåttelid, gnr. 76/2, ynskjer å få køyrevegrett til eksisterande veg ved sjøen, mot at han gjev frå seg køyrevegretten i den gamle sjøvegen over bnr. 1 og 2. Men han ynskjer ein gangvegrett til sjøen om lag etter innmarksgrensa mellom bnr. 1 og bnr. 2 på Løfoll. Vidare ynskjer han kartfesta ein rett til parkering ved naustet, han viser til dei gamle rettane til opplag m.m. som fylgjer med nausttomta.

Rolf Botn, gnr. 74/1 kunne ikkje godta at eigar av gnr. 76/1, skulle ha gangvegrett over hans eigedom når han no får køyrevegrett på hans eigedom ved sjøen. Han var også sterkt imot å legge ein veg på sørvestsida av gnr. 74/4 sin garasje.

Ruth Vartdal, gnr. 74/13, har i dok. nr. 11 gitt uttrykk for at ho stiller seg positiv til vidareføring av veg, men tek atterhald om kostnadane.

Jordskifteretten vurderer jordskiftekravet slik :

Etter jordskiftelova § 1 og § 2 e kan jordskifteretten skipe sams tiltak, herunder felles vegar og parkeringsareal. Eit vilkår for å fremje ei slik sak er at kostnader og ulemper for kvar enkelt part ikkje overstig nytten, jf. jordskiftelova § 3 a. Retten ser det slik at alle partane frå gnr. 74 og 76 vil kunne få nytte av ei ordning av vegtilkomst og parkering, nytten vil variere etter kva alternativ som vert valt. Kor store kostnader og ulemper kvar får, er vanskeleg å seie noko sikkert om før kostnadane med ulike alternativ er vurdert av entreprenør.

Retten finn grunnlag for å fremje saka, men kan på noverande tidspunkt ikkje ta nærare stilling til kva for løysing som skal veljast. Retten vil på bakgrunn av dei synspunkt som kom fram på møtet få vurdert minst 3 ulike alternativ.

Vedtak-slutting:

Saka vert å fremje som sams tiltak i samsvar med jordskiftelova § 2 e.

Før neste møte vil avdelingsingeniør Heltne kartlegge dei ulike eigedomar i det aktuelle området, slik at ein får betre grunnlag for å utarbeide planalternativ for veg og parkering. Partane vert varsla skriftleg om innmålingsarbeidet.

Partane på gnr. 74 bnr. 4, 6, 7, 8,12, 9, 10, 13 og festar av tomt under gnr. 74/1 må sende kopi av sine skylddelingsforretningar, event. målebrev og festekontrakt til retten, innan 20. mai d.å. Innan same fristen må det seiast frå skriftleg til retten dersom nokon ynkjer formell grensegang for sine eigedomar /festetomt (gebyr- og grensemerkeknaden med slik grensegang vert om lag kr. 800,- pr. eigedom som vert berørt av grensegangen).

Kostnaden med møtet er i fylgje særskild rekneskap i alt **kr. 2 794,-**.

Etter reglane i jordskiftelova må kostnaden forskotterast av Edvin Løfoll med kr. 1000,-, Gunn Bjørdal med kr. 1000,- og Brit Staurset med kr. 794,-.
Giroinnbetalingskort med betalingsfrist vert vedlagt rettsboka for dette møtet .

Innkalling til neste møte vert ved vanleg brev med minst 2 vekers innkallingsfrist.

Rettsmøtet slutt, Austefjorden , den 08.04.08


Olav Magne Folkestad


Nils Einar Sporstøl


Solfrid Nautvik

År 2009 den 24. september vart Sunnmøre jordskifterett på nytt sett på Samhald, 6110 Austefjorden.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl

**Jordskifte-
meddommarar:**

1. Olav Magne Folkestad, 6120 Folkestad
2. Solfrid Nautvik, 6120 Folkestad

**Protokoll-
førar:**

Rettsformannen.

Avdelingsingeniør Gunnar Heltne assisterte retten.

Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl. gnr. 74-73 I VOLDA KOMMUNE.
- utsett frå 08.04.08

Partar-til stades:

Eigar av gnr. 74/1, Rolf Botn, 6110 AUSTEFJORDEN
For eigar av gnr. 74/1, Rut A. Botn, 6110 AUSTEFJORDEN, møtte svigersonen Arnfinn Brautaset med skriftleg fullmakt
Eigar av gnr. 74/2, 74/11, Ståle K. Løfoll, 6110 AUSTEFJORDEN
Eigar av gnr. 74/4, Edvin Løfoll, Vevendelvn. 30, 6100 VOLDA
Eigar av gnr. 74/6, Line Homberset, Mosevegen 11, 6100 VOLDA
Eigar av gnr. 74/6, Brit Staurset, Raudemyrvegen 6 c, 6100 VOLDA
Eigar av gnr. 74/6, Tore Andresen, Mylnevegen 23 c, 6100 VOLDA
For eigar av gnr. 74/6, Erik Staurset Andresen, Skuteviksveien 23 b, 5032 BERGEN, møtte dei andre eigarane av gnr. 74/6 med skriftleg fullmakt
Eigar av gnr. 74/7, Gunn Jorunn Bjørdal, Bjørdal, 6150 ØRSTA, her møtte også mannen Bjørn Bjørdal.
Eigar av gnr. 74/9, Ola Hamre d.bu, v/ Runar Hamre, Steinråsa 53, 5306 ERDAL
Eigar av gnr. 76/1, Johan Slåttelid, 6110 AUSTEFJORDEN
Vidare møtte eigar av gnr. 73 bnr. 1, Ragnar Høydalsvik, 6110 AUSTEFJORDEN, som held fast ved at han har bruksrett til første del av eksisterande veg.

Partar-innkalla, men ikkje til stades:

Eigar av gnr. 73/2, Elsa Sandal, Runnaleitet 18, 6800 FØRDE
Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ Marit Iversen, Grendavegen 1, 6100 VOLDA
Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ Jenfrid Berg, Høydal, 6110 AUSTEFJORDEN
Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ John Gerhard Leirvik, Postboks 283, 6065 ULSTEINVIK
Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv. v/ Ruth Sandnes, 6110 AUSTEFJORDEN
Eigar av gnr. 73/5, John G. og Synnøve Leirvik, Postboks 283, 6067 ULSTEINVIK

Eigar av gnr. 74/8, 74/12, Olga N. Åslid, Porsemyravn. 11, 6100 VOLDA.
 Eigar av gnr. 74/10, Jarle Håvik, Kjeldeteigen 8, 6856 SOGNDAL
 Eigar av gnr. 74/10, Øystein Håvik, Anthon Wallesvei 14 A, 1337 SANDVIKA
 Eigar av gnr. 74/13, Ruth N. Vartdal, Nordre Vartdal, 6170 VARTDAL
 Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Bente Elin Berg Rusten, Røyslidvegen 15, 6100 VOLDA
 Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Hilde Berg Rusten, Granmeisveien 22, 4328 SANDNES
 Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Tone Berg Rusten, Hallkjellsgt. 17, 6100 VOLDA

Møtet gjeld:

Vidareføring av jordskifte- sams tiltak på gnr. 73-74 i Volda kommune, samt krav om grensegang på gnr. 74.

Rettsformannen viste til reglane i domstolslova som går fram av innkallinga til møtet. Ingen kjende til tilhøve som kunne gjere nokon av rettsmedlemene ugild etter §§ 106 og 108 i Domstolslova. Retten vart erklært for lovleg sett.

Desse dokument vart framlagt :

Dokument nr. 17: Brev frå Edvin Løfoll, datert 08.04.08, innlegg vedk.vegspørsmål.

Dok.nr. 17, vedlegg 1: Kopi av jordskiftekart, oppmålt 1926.

Dok.nr. 17, vedlegg 2: Kartskisse som syner tenkt trasè for ny veg.

Dok.nr. 17, vedlegg 3: Fotokart som syner tenkt trasè for ny veg.

Dokument nr. 18: Brev frå Ståle Løfoll, datert 02.05.08, krav om grensegang.

Dok.nr. 18, vedlegg 1: Kopi av skyldskifte for gnr 74 bnr. 4, av 02.05.1958.

Dok.nr. 18, vedlegg 2: Kopi av jordskiftekart, oppmålt 1926, med påteikningar.

Dokument nr. 19: Kart frå Edvin Løfoll, innlevert 19.05.08, innmåling av 74/4.

Dok.nr. 19, vedlegg 1 Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 4, av 02.05.1958.

Dokument nr. 20: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 5, av 04.08.1960.

Dokument nr. 21: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 10, av 14.09.1968.

Dokument nr. 22: Brev frå Brit Staurset, datert 14.05.08, krav om grensegang m.m.

Dok.nr. 22, vedlegg 1: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 6 av 15.08.1961.

Dokument nr. 23: Kopi av skøyte på gnr. 74 bnr. 6, datert 29.10.07.

Dok.nr. 23, vedlegg 1: Kopi av skjøte på gn. 74 bnr. 6, datert 26.08.1961.

Dokument nr. 24: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 7, av 22.08.1961.

Dokument nr. 25: Kopi av skylddelingsforretning for gnr. 74 bnr. 8, av 15.08.1961.

Dokument nr. 26: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 12, av 22.10.1975.

Dokument nr. 27: Kopi av skylddelingsforretning for gnr. 74 bnr. 9, av 15.08.1961.

Dokument nr. 28: Brev frå Ruth Vartdal, datert 02.05 og 25.05.08, vedk. grensegang.

Dok.nr. 28, vedlegg 1: Kopi av skyldskifte for gnr. 74 bnr. 13, av 03.09.1979.

Dok.nr. 28, vedlegg 2: Kopi av møtebok for Volda bygningsråd, møte 17.01.1978,
Vedk. frådeling frå 74/4.

Dok.nr. 28, vedlegg 3: Kopi av skjøte på gnr. 74 bnr. 13, datert 14.09.1979.

Dok.nr. 28, vedlegg 4: Kopi av skjøte på gnr. 74 bnr. 13, datert 12.04.05.

Dokument nr. 29: Brev frå Rolf Botn, datert 14.06.08, vedk. jordskiftesak på Løfoll.

Dok.nr. 29, vedlegg 1: Kopi av brev frå Rolf Botn til Volda kommune, datert
25.03.1996, vedk. frådeling av hyttetomt.

Dok.nr. 29, vedlegg 2: Kopi av møtebok for Teknisk- og miljøutvalget, møtedato
13.02.1996, vedk. søknad om frådeling av hyttetomt.

Dok.nr. 29, vedlegg 3: Kopi av skjøte på gnr. 74 bnr. 7, datert 26.08.1961.

Dokument nr. 30: Brev frå Rolf Botn, datert 24.06.08, krav om grensegang.

Dokument nr. 31: Brev frå Edvin Løfoll, datert 30.06.08, vedk. vegar.

Dokument nr. 32: Brev frå Olga Åslid, datert 01.07.08, krav om grensegang.

Dokument nr. 33: Innkalling til synfaring, datert 12.08.09.

Dokument nr. 34: Fullmakt frå Olga Åslid til Eivind Sverre Åslid, datert 26.09.08.

Dokument nr. 35: Avstandserklæring for eigar av gnr. 74/4, datert 27.07.1979.

Dokument nr. 36: Brev frå Rolf Botn, datert 14.07.09, vedk. avståing av veggrunn.

Dokument nr. 37: Brev frå Rolf Botn, datert 29.07.09, vedk. veg med gammalt fotografi.

Dok.nr. 37, vedlegg 1: Kopi av fotografi innlevert av Rolf Botn 24.09.09.

Dokument nr. 38: Kopi av fotografi innlevert av Rolf Botn den 24.09.09.

Dokument nr. 39: Innkalling av partar til rettsmøte, datert 07.09.09.

Dok.nr. 39, vedlegg 1: Kopi av skisse vedk. planlagt parkering og veg, M=1:250.

Dok.nr. 39, vedlegg 2: Kopi av førebels jordskiftekart, datert 07.09.09.

Dokument nr. 40: Brev frå Edvin Løfoll, datert 10.09.09, vedk. parkeringsplass/veg.

Dok.nr. 40, vedlegg 1: Kopi av del av jordskiftekart der veg er inntegna.

Dokument nr. 41: Frå Skinvik Sand og Maskin AS, datert 16.09.09, vedk. tilbod veg
til hyttefelt på Løfoll.

Dokument nr. 42: Brev til partane, datert 16.09.09, vedk. parkeringsplass/veg.

Dokument nr. 43: Brev frå Sameiget 74/6 v/ Erik Staurset Andresen, datert 17.09.09, vedk. merknader til grensene.

Dokument nr. 44: Brev frå Elsa Sandal, datert 21.09.09, vedk. jordskiftesaka.

Dokument nr. 45: Brev frå Edvin Løfoll, datert 20.09.09, vedk.saka.

Dokument nr. 45, vedlegg 1: Innlegg i jordskiftesaka, dat. 20.09.09.

Dokument nr. 45, vedlegg 2: Skisse som syner tenkt ny veg og parkeringsplass.

Dokument nr. 46: Fullmakt frå Rut A. Botn til Arnfinn Brautaset, dat. 23.09.09.

Dokument nr. 47: Fullmakt frå Erik Staurset Andresen til Brit Staurset, Line Homberset og Tore Andresen, dat. 21.09.09.

Opprusting av eksisterande veg og ny parkeringsplass ved denne vegen, vart først oppteke, jf. dok. nr. 41-42.

Partane fekk ordet. Edvin Løfoll, Ragnar Høydalsvik, Johan Slåttelid, Rolf Botn, Arnfinn Brautaset, Line Homberset og Runar Hamre kom alle med sine synspunkt. Ragnar Høydalsvik forlet møtet.

Forslaga til nye vegtrasear på gnr. 74 og til parkering på gnr. 74/4, vart så opptekne, jf. dok. nr. 39-42.

Partane fekk ordet. Line Homberset, Edvin Løfoll, Rolf Botn, Arnfinn Brautaset, Bjørn Bjørdal, Runar Hamre og Ståle Løfoll kom alle med sine synspunkt.

Etter ein pause heldt møtet fram.

Forslag til rettsfastsettande vedtak for grensene i området, jf. dok. nr. 39, vart så oppteke. Eigarane av gnr. 76/4 viste til dok. nr. 43.

Edvin Løfoll, Ragnar Høydalsvik, Johan Slåttelid, Rolf Botn, Arnfinn Brautaset, Line Homberset og Runar Hamre kom alle med sine synspunkt.

Edvin Løfoll opplyste at han kunne godta at alle hyttetomtene eig ut i sjøen så langt ut som privat eige går, under føresetnad av at eigarane av gnr. 74/6 fråfell kravet om naustrett på gnr. 74/4. Eigarane av gnr. 74/6 opplyste at dei då fråfell kravet om naustrett på gnr. 74/4. Partane vart vidare samde om at grensene mellom gnr. 74/4 og felleseige for 74/1,2 i Follavatnet, og grensa mellom gnr. 74/1 og felleseige for 74/1,2 i Follavatnet, **ikkje** skulle omfattast av grensegangen.

Det vart orientert om vidare saksgang. Det vart så gjennomført ny synfaring til startområdet for ny veg på gnr. 74, og sett på ulike vegalternativ. Dei aktuelle grunneigarane i området var til stades. Møtet med partane vart så avslutta.

I einerom gjorde retten slike samrøystes

Vedtak:

1. Krav om sams tiltak veg/parkering.

Eigarane på gnr. 73 og gnr. 74 har ikkje kome med innvendingar mot at her skjer ei opprusting av den eksisterande vegen i samsvar med dok. nr. 41 og 42.

Elsa Sandal har i dok. nr. 44 sett vilkår for slik opprusting. Eigarane på gnr. 73/4 og 5 har i dok. nr. 5-8 kome med sine synspunkt på kostnadane med vegopprustinga.

Eigar av gnr. 74/1 ynskjer at parkeringsplassen for gnr. 76/1 og eventuelt for festetomta til 74/1/1, skal plasserast på nedsida av eksisterande veg, om lag 80 m sørvest for gnr. 76/1 si nausttomt.

Eigar av gnr. 76/1 går mot dette og ynskjer at parkeringsplassen hans vert plassert i nærleiken av naustet. Han opplyser at når han får køyrevegrett på bilvegen ved sjøen, vil han seie frå seg køyrevegretten i den gamle sjøvegen over gnr. 74/1 og 2, nedanfor riksveg 651.

Han ynskjer framleis å ha gangvegrett på den gamle sjøvegen over bnr. 2 og på den nye vegen.

Når det gjeld forslag om ny veg heilt fram til alle tomtene eller alternativt veg og parkering ved tunet på gnr. 74/4, så har eigarane av 74/2, 6 og 7 alle kome med synspunkt om at her bør anleggast ny bilveg heilt fram til alle tomtene. Parkeringsplassen som er planlagt vil ikkje løyse problema, det vert vist til at fleire av hyttene har fleire eigarar og at det trengs fleire parkeringsplassar enn dei 7 plassane som er med i planen, også med tanke på besøkande til hyttene.

Eigar av gnr. 74/9 meiner at parkeringplass på gnr. 74/4 slik som planlagt er godt nok.

Eigarane av gnr. 74/4 og gnr. 74/7 ga uttrykk for at ein kombinasjon med delvis parkering og delvis veg, var dei klart imot.

Det er elles sterk usemje mellom eigarane av gnr. 74/1 og gnr. 74/4 om val av vegtrase for dei første ca. 40 m av vegen, jf. dok. nr. 39 og 40 og dei andre dokumenta desse partane har sendt til retten. Eigar av gnr. 74/1 opplyser at han ynskjer å få full bruksrett(køyrerett) til heile den nye vegen.

Jordskifteretten er komen til at den vil gå inn for at det vert laga eit detaljert forslag til sams tiltak for ny bilveg fram til alle hyttetomtene og areala til gnr. 74/1, 2 og 4 i området. Retten finn at den beste vegløysinga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr. 74/1. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av nausttomta. Eigar av gnr. 76/1 har opplyst at han kan godta ei slik løysing.

Eigar av gnr. 74/1 får då frigjort parkeringsareal i strandsona.

Alle gamle vegar og vegrettar i området kan flyttast til den nye vegen, jf. dok. nr. 15 og 16.

Ei slik veg- og parkeringsløyising vil gje den beste lineføringa for veg og vere den mest framtidiretta. Kostnadane med slik veg- og parkeringsløyising i starten av vegen (dei første ca. 30 m), er ikkje vurdert av entrepenør. Retten finn det lite sannsynleg at kostnadane vil verte høgare i høve til den veg- og parkeringsløyisinga som vart kostnadsrekna i dok.nr. 41, heller litt lavare.

Tomtene og areala i området som får bilvegutløyising, vil få vesentleg verdiauke.

Partane vil få ein uttalefrist til forslaget på minst 3 veker.

Vegtraseen vert elles å sende over til Volda kommune for godkjenning.

2. Krav om grensegang på gnr. 74.

Alle partane har godteke forslag til grenser i dok. nr. 39, med unntak av grensene nr. 15, 18, 21 og del av grense nr. 24. Her vart dei frammøtte partane enige om at hyttetomtene skal omfatte også sjøgrunnsarealet utanfor tomtene.

Partane vart vidare samde om at grensene mellom gnr. 74/4 og felleseige for 74/1,2 i Follavatnet, og grensa mellom gnr. 74/1 og felleseige for 74/1,2 i Follavatnet, ikkje skal omfattast av grensegangen.

Saka vert å fremje som grensegang etter jordskiftelova § 88 . Retten vil lage eit revidert forslag til rettsfastsettande vedtak for grensene basert på det partane vart samde om på møtet i dag.

Partane vil få ein uttalefrist til forslaga på minst 3 veker.

Kostnaden med møtet er i fylgje særskild rekneskap i alt **kr. 3 276,-**.

Etter reglane i jordskiftelova må kostnaden forskotterast av Ståle Løfoll med kr. 1 276,-, Runar Hamre med kr. 1 000,- og Olga Åslid med kr. 1 000,-.
Giroinnbetalingskort med betalingsfrist vert vedlagt rettsboka for dette møtet .

Neste møte vil ikkje kunne haldast før etter 01.04.2010, då rettformannen har studiepermisjon fram til denne dato.

Innkalling til eventuelt nytt møte med partane,vert ved vanleg brev med minst 2 vekers innkallingsfrist.

Rettsmøtet slutt, Austefjorden , den 24.09.09



Nils Einar Sporstøl



Olav Magne Folkestad



Solfrid Nautvik

År 2010 den 26. april vart Sunnmøre jordskifterett på nytt sett på Samhald, 6110 Austefjorden.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl

**Jordskifte-
meddommarar:**

1. Olav Magne Folkestad, 6120 Folkestad
2. Solfrid Nautvik, 6120 Folkestad

**Protokoll-
førar:** Rettsformannen.

Avdelingsingeniør Gunnar Heltne assisterte retten.

Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl. gnr. 74-73 I VOLDA KOMMUNE.
- utsett frå 24.09.09.

Partar-til stades:

Eigar av gnr. 73/1, Ragnar Høydalsvik, 6110 AUSTEFJORDEN

For eigar av gnr. 73/2, Elsa Sandal, Runnaleitet 18, 6800 FØRDE, møtte Ragnar Høydalsvik med skriftleg fullmakt.

For eigar av gnr. 73/3, Wenche Botn Løvold, Postboks 46, 6263 SKODJE, møtte mannen Helge Løvold med skriftleg fullmakt.

Eigar av gnr. 74/1, Rolf Botn, 6110 AUSTEFJORDEN

Saman med han møtte som prosessfullmektig :

Advokat Lars E. Sande, Postboks 58, 6101 VOLDA

Eigar av gnr. 74/2, 74/11, Ståle K. Løfoll, 6110 AUSTEFJORDEN

Eigar av gnr. 74/4, Edvin Løfoll, Vevendelvn. 30, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 74/6, Line Homberset, Mosevegen 11, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 74/6, Brit Staurset, Raudemyrvegen 6 c, 6100 VOLDA

For eigar av gnr. 74/6, Tore Andresen, Mylnevegen 23 c, 6100 VOLDA, møtte Brit Staurset og Line Homberset med skriftleg fullmakt.

Eigar av gnr. 74/7, Gunn Jorunn Bjørdal, Bjørdal, 6150 ØRSTA, her møtte også mannen Bjørn Bjørdal.

For eigar av gnr. 74/8, 74/12, Olga N. Åslid, Porsemyrvn. 11, 6100 VOLDA, møtte sonen Eivind Åslid med skriftleg fullmakt..

For eigar av gnr. 74/9, Ola Hamre d.bu, v/ Runar Hamre, Steinråsa 53, 5306 ERDAL, møtte Eivind Åslid med skriftleg fullmakt.

Eigar av gnr. 74/13, Ruth N. Vartdal, Nordre Vartdal, 6170 VARTDAL

Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Bente Elin Berg Rusten, Røyslidvegen 15, 6100 VOLDA

Eigar av gnr. 76/1, Johan Slåttelid, 6110 AUSTEFJORDEN, saman med han møtte også sonen Tormod Slåttelid med skriftleg fullmakt.

Partar-innkalla, men ikkje til stades:

Eigar av gnr. 73/1, Gunvor Høydalsvik, 6110 AUSTEFJORDEN
 Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ Marit Iversen, Grendavegen 1, 6100 VOLDA
 Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ Jenfrid Berg, Høydal, 6110 AUSTEFJORDEN
 Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv., v/ John Gerhard Leirvik, Postboks 283, 6065
 ULSTEINVIK
 Eigar av gnr. 73/4, Klara Leirvik arv. v/ Ruth Sandnes, 6110 AUSTEFJORDEN
 Eigar av gnr. 73/5, John G. og Synnøve Leirvik, Postboks 283, 6067 ULSTEINVIK
 Eigar av gnr. 74/6, Erik Staurset Andresen, Skuteviksveien 23 b, 5032 BERGEN
 Eigar av gnr. 74/10, Jarle Håvik, Kjeldeteigen 8, 6856 SOGNDAL
 Eigar av gnr. 74/10, Øystein Håvik, Anthon Wallesvei 14 A, 1337 SANDVIKA
 Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Hilde Berg Rusten, Granmeisveien 22, 4328 SANDNES
 Eigar av festetomt gnr. 74/1/1, Tone Berg Rusten, Hallkjellsgt. 17, 6100 VOLDA

Møtet gjeld:

Vidareføring av jordskifte- sams tiltak på gnr. 73-74 i Volda kommune, samt grensegang på gnr. 74.

Rettsformannen viste til reglane i domstolslova som går fram av innkallinga til møtet. Ingen kjende til tilhøve som kunne gjere nokon av rettsmedlemene ugild etter §§ 106 og 108 i Domstolslova. Retten vart erklært for lovleg sett.

Desse dokument vart framlagt :

Dokument nr. 48: Forslag til sams tiltak og rettsfastsettande vedtak, datert 29.09.09.

Dok.nr. 48, vedlegg 1: Førebels jordskiftekart, dat 29.09.09.

Dokument nr. 49: Brev til Volda kommune, datert 29.09.09, vedk. godkjenning av nye bilvegtrasear på gnr. 74 Løfoll.

Dokument nr. 50: Brev frå Gunn og Bjørn Bjørdal, datert 21.10.09, vedk. vegar på Løfold mfl..

Dok.nr. 50, vedlegg 1: Kart som viser forslag til vegtrase, datert 21.10.09.

Dokument nr. 51: Brev frå Volda kommune, datert 22.10.09, vedk. kommunal godkjenning av bilvegtraseane.

Dokument nr. 52: Brev frå Rolf Botn, datert 18.10.09, vedk. vegspørsmåla på Løfold. Vedlagt fargefoto og brosjyre om jordskifte.

Dokument nr. 53: Brev frå Edvin Løfoll, datert 30.11.09, vedk. vegspørsmåla.

Dokument nr. 54: Brev frå siv.ing. Svein Holmen, datert 04.03.10, vedk. event. regulering av hytteområde på Løfoll, med vedlegg.

Dokument nr. 55: E-postbrev frå Svein Holmen, datert 18.03.10, med vedlegg, vedk. handsamingsgebyr til kommunen.

Dokument nr. 56: E-postbrev frå Øyunn Kleiva, datert 16.03.10, vedk. førehandsvurdering – fornminne.

Dokument nr. 57: Brev frå adv. Lars E. Sande, datert 14.04.10, vedk. vegspørsmål på Løfold.

Dokument nr. 58: E-postbrev frå Helge Løvold, datert 21.04.10., vedk. Løfold mfl..

Dok.nr. 58, vedlegg 1: Kopi av brev frå Wenche Botn Løvold, datert 20.04.10, vedk. vegspørsmål på Løfold.

Dok.nr. 58, vedlegg 2: Kopi av brev frå Wenche Botn Løvold, datert 09.06.08, vedk. vegspørsmål.

Dokument nr. 59: Brev frå Jarle Håvik og Øystein Håvik, datert 20.04.10, vedk. reg.plan for hytteområde.

Dokument nr. 60: Innkalling av partar til rettsmøte 26.04.10, datert 06.04.10.

Dokument nr. 61: E-postbrev frå Elsa Sandal, datert 23.04.10, vedk. vegspørsmål.

Dokument nr. 62: E-postbrev frå Helge Løvold, datert 23.04.10, vedk. vegspørsmål.

Dokument nr. 63: E-postbrev frå Helge Løvold, datert 23.04.10, vedk. vegspørsmål.

Dok.nr. 63, vedlegg 1: Brev frå Wenche Botn Løvold og Helge Løvold, datert 23.04.10, vedk. kommentar frå Elsa Botn Sandal.

Dokument nr. 64: E-postbrev frå Svein Holmen, datert 23.04.10, vedk. regulering av hyttefelt på Løfoll.

Dokument nr. 65: E-postbrev frå Runar Hamre, datert 24.04.10, vedk. møte 26.04.10.

Dokument nr. 66: Fullmakt frå Tore Andresen til Brit Staurset og Line Homberset, datert 25.04.10.

Dokument nr. 67: Fullmakt frå Olga Nikoline Åslid til Eivind Sverre Åslid, datert 25.04.10.

Dokument nr. 68: Generell fullmakt frå Wenche Botn Løvold til Helge Løvold, datert 12.07.2005.

Dokument nr. 69: Fullmakt pr. e-post frå Elsa Sandal til Ragnar Høydalsvik, datert 25.04.10.

Dokument nr. 70: Fullmakt frå Johan Slåttelid til Tormod Slåttelid, datert 26.04.10.

Ingen av partane hadde merknader til at epostbrev vart brukte som dokument i saka.

Ingen av partane hadde merknader til forslag til rettsfastsettande vedtak for grensene, jf. dok. nr. 48.

Spørsmålet om gnr. 73 bnr. 3 sin vegrett vart først oppteke.

Helge Løvold gjorde det klart at eigar av gnr. 73/3 er samd i jordskifteretten sitt forslag vedk. opprusting og bruk av den eksisterande vegen på gnr. 73 og 74, jf. dok. nr. 48, side 1-2. Eigar av gnr. 73 bnr. 3 har ikkje noko krav om at jordskifteretten tek med i saka noko om vegrett for eigar av gnr. 73/3 frå den eksisterande vegen og over gnr. 73/2 fram til gnr. 73/3.

Ragnar Høydalsvik, 73/1 og for gnr. 73/2, opplyste at forslaget i dok. nr. 48 vedk. gnr. 73/3 kan godtakast. Men det må då presiserast i saka at retten ikkje tek stilling til vegrett for eigar av gnr. 73/3 frå den eksisterande vegen og over gnr. 73/2 fram til gnr. 73/3.

Spørsmålet om korleis saka bør vidareførast på bakgrunn av plankrav frå Volda kommune, vart så oppteke, jf. dok. nr. 51 og nr. 54-56. Også krav om endra vegtrase frå Gunn og Bjørn Bjørdal, jf. dok. nr. 50, vart oppteke. Partane fekk ordet.

Adv. Lars E. Sande for Rolf Botn, Edvin Løfoll, Line Homberset, Eivind Åslid (for Olga Åslid og Runar Hamre), Rolf Botn, Bjørn Bjørdal, Bente Garshol, Johan Slåttelid, Ragnar Høydalsvik, Brit Staurset og Ruth N. Vartdal, hadde ordet. Partane fekk også høve til replikkar.

Det som kom fram under møtet kan oppsummerast slik :

Rolf Botn, gnr. 74/1, gjekk sterkt imot at den nye vegen skal gå over hans eigedom, og ser ikkje at han har noko som helst nytte av vegen. Eigarane av festetomt gnr. 74/1/1 og nausttomta til gnr. 76/1 kan få anlegge parkeringsplass på gnr. 74/1.

Bente Garshol, 74/1/1, opplyste at for hennar del er det greitt med parkering på gnr. 74/1.

Johan Slåttelid, 76/1, ynskte ei detaljert avklaring av storleik og plassering av sin parkeringsplass på gnr. 74/1.

Alle dei øvrige frammøtte hyttetomteigarane opplyste at dei ynskjer køyreveg fram til kvar si hytte, det er viktig med ei langsiktig løysing. Det vart også vist til at her for nokre av hyttene er fleire eigarar og det kan verte fullt på ein parkeringsplass.

Også Runar Hamre, gnr. 74/9, har gjort det klart at han ynskjer køyreveg fram til si hytte, jf. dok. nr. 65.

Eivind Åslid, for 74/8,12, uttala at han var open for at hytteeigarane tek ein noko større del av vegkostnaden, og viste til vediauke for hyttetomtene dersom her kjem veg fram til tomtene og at det er viktig med veg fram og særleg for dei som er dårlege til beins.

Bjørn Bjørdal, for 74/7, viste til arealstorleiken for dei ulike eigarane i området, og at det må leggest vekt på dette i kostnadsfordelinga.

Edvin Løfoll, gnr. 74/4, meiner at starten av veggen må gå over gnr. 74/1 slik som synt på forslaget, dok. nr. 48. Også eigar av gnr. 74/1 vil få nytte av den nye veggen.

Han syntes elles at eigar av gnr. 74/4 har fått for høg andel av vegkostnaden.

Når det gjeld omlegging av veggen fram til gnr. 74/7, så var han ikkje mot dette, men vegplanlegger bør gjere ei nærare vurdering av kva som er beste vegtrase'en.

Han gjorde også klart at han ikkje har noko ynskje om å frådele og selje fleire hyttetomter frå sin eigedom.

Alle partane var elles samde om at jordskifteretten kan ta opp til drøfting med Volda kommune om det er råd å lempe på dei omfattande reguleringsplankrava, eventuelt få dispensasjon frå plankravet.

Partane hadde ikkje noko ynskje om å vere med på eit eventuelt møte med kommunen.

Ingen av hytteeigarane har innlagt vatn og her kom ikkje fram noko ynskje at nye løysingar for vatn og avlaup til hyttene skulle medtakast i saka.

Partane hadde elles noko ulikt syn på om det var hensiktsmessig å avslutte den del av saka som gjeld opprusting av eksisterande veg for seg.

Det vart orientert om vidare saksgang. Møtet med partane vart avslutta.

I einerom diskuterte retten vidareføring av saka.

Jordskifteretten kom til at den vil ta kontakt med Volda kommune for å avklare kor vidt her kan vere råd å få til dispensasjon frå dei vanleg plankrava.

Når ein har fått betre avklaring av dette vil retten ta avgjerd om vidare framdrift i saka.

Kostnaden med møtet vert å gjere opp på neste møte.

Rettsmøtet slutt, Austefjorden, den 26.04.2010


Olav Magne Folkestad


Nils Einar Sporstøl


Solfrid Nautvik

År 2010 den 04. juni vart Sunnmøre jordskifterett sett på retten sitt kontor, 6150 Ørsta.

Rettsformann: Jordskiftedommar Nils Einar Sporstøl

**Jordskifte-
meddommarar:**

1. Olav Magne Folkestad, 6120 Folkestad
2. Solfrid Nautvik, 6120 Folkestad

**Protokoll-
førar:** Rettsformannen.

Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl. gnr. 74-73 I VOLDA KOMMUNE.
- utsett frå 26.04.10.

Ingen av partane var til stades.

Retten gjorde slikt samrøystes

Vedtak :

Jordskifteretten viser til synspunkta som kom fram på møtet 26.04.2010. Dei aller fleste hytte-eigarane ynskjer ei langsiktig vegløyising med veg fram til kvar enkelt tomt.

Ingen går mot at vegplanen vert endra slik eigarane av gnr. 74/7, Gunn og Bjørn Bjørdal, har sett fram ynskje om.

Jordskifteretten finn difor å endre vegplanen i samsvar med ynskjet frå Bjørdal, endringa vil også vere til fordel for eigarane av gnr. 74/5,10.

Her er framleis ei sterk usemje mellom eigarane av gnr. 74/1 og eigar av gnr. 74/4 om korleis vegen bør gå dei første ca. 20 m. Retten finn å halde fast på vurderinga som vart gjort i møtet 24.09.09 om at den beste vegløyisinga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr. 74/1. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av si nausttomt.

Denne veg- og parkeringsløyisinga legg beslag på ca. 200 kvm. dyrka areal på gnr. 74/1, men frigjer areal i strandsona (parkering for gnr. 76/1 og for festetomta under 74/1).

Retten ser det slik at også eigar av gnr. 74/1 vil ha klar nytte av den planlagde vegen.

At eigar av gnr. 74/1 har ytt areal i si strandsona lang tid tilbake til den eksisterande vegen, kan ikkje medføre at eigar av gnr. 74/1 no ikkje skal yte veggrunn til den nye vegen slik jordskifteretten foreslår. Retten viser også til at den gamle sjøvegen, jf. dok. nr. 15 og 16 går over gnr. 74/1 i sørvest for den no planlagde vegen. Den gamle sjøvegen vert etter forslaget til sams tiltak teken vekk på areal til gnr. 74/1.

Gnr. 74/1 har fleire tomteareal i området som får vegutløyising og har dessutan skogs- og beiteareal nordaust for enden av vegen, med tilhøyrande vegrett over gnr. 74/4.

Rettsformannen har vore i telefonisk kontakt med planleggar Per Heltne i Volda kommune. Heltne har opplyst at dersom alle partane er samde om ei vegløyning, vil sjansane for å få godkjend ein eventuell dispensasjonsøknad vere langt høgare enn dersom her er usemje mellom partane. Kostnaden ved ein eventuell dispensasjonsøknad vil verte ca. 7 000,- kr.

Retten er komen til at den først vil forsøke å få godkjend vegplanen ved ein dispensasjonssøknad frå planleggingskrava.

Dersom denne søknaden ikkje går gjennom hos kommunen, vil planleggar Svein Holmen verte engasjert av jordskifteretten på vegne av partane i saka for utarbeiding av naudsynt reguleringsplan.

Planleggings- og gebyrkostnadane vil måtte gå inn som ein del av kostnadane med veganlegget og må forskotterast av partane.

Når det gjeld forslag til kostnadsfordeling m.m. for dei ulike veganlegga, jf. dok. nr. 48, vert desse å ta endeleg stilling til når vegplanane er godkjende i kommunen.

Kostnaden med møtet er i fylgje særskild rekneskap i alt **kr. 4 577,-**.

Etter reglane i jordskiftelova må kostnaden forskotterast av Jarle Håvik med kr. 1 000,-, Ruth N. Vartdal med kr. 1 000,-, Johan Slåttelid med kr. 1 000,- og Edvin Løfoll med kr. 1 577,-.

Giroinnbetalingskort med betalingsfrist vert vedlagt rettsboka for dette møtet .

Innkalling til eventuelt nytt møte med partane,vert ved vanleg brev med minst 2 vekers innkallingsfrist.

Rettsmøtet slutt, Ørsta, den 04.06.10


Olav Magne Folkestad


Nils Einar Sporstøl


Solfrid Nautvik

SAKSFØREBUANDE MØTE

- Møtedag:** 17.04.2012.
Stad: Samhald i Austefjorden.
Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl, gnr. 74 og 73 i Volda kommune.
- Saka gjeld:** Krav om sak etter jordskiftelova §§ 2 e og 88.
- Jordskiftedommar:** Olav Torvik.
- Protokollfører:** Jordskiftedommaren.
- Saka er kravd av:** Rolf Botn.
- Til handsaming:** Vidare framdrift i saka.
- Partar:** Eigar av gnr. 73/1, Gunvor og Ragnar Høydalsvik, 6110 Austefjorden.
 Eigar av gnr. 73/2, Elsa Sandal, Runnaleitet 18, 6800 Førde.
 Eigar av gnr. 73/3, Wenche Botn Løvold, Postboks 46, 6263 Skodje.
 Eigar av gnr. 73/4, Ingunn og Arild Iversen,
 Smiebakken 20, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 73/5, John G. og Synnøve Leirvik,
 Postboks 283, 6067 Ulsteinvik.
 Eigar av gnr. 74/1, Rut og Rolf Botn, 6110 Austefjorden.
 Eigar av gnr. 74/1:1, Bente Elin Berg Rusten Garshol,
 Bøkevegen 3, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/1:1, Hilde Berg-Rusten Nybø,
 Rødsethagen 17, 6011 Ålesund.
 Eigar av gnr. 74/1:1, Tone Berg Rusten,
 Hallkjellsgt. 17, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/2, 74/11, Ståle K. Løfoll, 6110 Austefjorden.
 Eigar av gnr. 74/4, Edvin Løfoll, Vevendelvn. 30, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/6, Line Homberset, Mosevegen 11, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/6, Tore Andresen, Plassevegen 8, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/6, Erik Staurset Andresen,
 Kronstadvn. 23 A, 5053 Bergen.
 Eigar av gnr. 74/6, Brit Staurset, Raudemyrvegen 6 c, 6100 Volda.
 Eigar av gnr. 74/7, Gunn Jorunn Bjørdal, Bjørdal, 6150 Ørsta.
 Eigar av gnr. 74/8, 74/12, Olga N. Åslid d.bu, v/Eivind Åslid,
 Fagerlivegen 50, 6414 Molde.
 Eigar av gnr. 74/9, Ola Hamre d.bu, v/Runar Hamre,
 Steinråsa 53, 5306 Erdal.
 Eigar av gnr. 74/10, Jarle Håvik, Kjeldeteigen 8, 6856 Sogndal.
 Eigar av gnr. 74/10, Øystein Håvik,
 Anthon Wallesvei 14 A, 1337 Sandvika.

Eigar av gnr. 74/13, Ruth N. Vartdal, Nordre Vartdal, 6170 Vartdal.
Eigar av gnr. 76/1, Tormod Petter Slåttelid, 6110 Austefjorden.

Prosessfullmektig:

Adv. Lars E. Sande, Postboks 58, 6101 Volda.
Representerer Rut og Rolf Botn.

Eigedomane ligg i Volda kommune.

Til stades:

Rolf Botn møtte saman med sonen Håvard Botn. Rolf Botn hadde skriftleg fullmakt frå Ingunn og Arild Iversen og frå Jarle og Øystein Håvik. Ståle Løfold møtte saman med kona Janne Bjørneset Løfoll. Vidare møtte Edvin Løfold og Line Homberset. Brit Staurset møtte med skriftleg fullmakt frå Tore Andresen og Erik Staurset Andresen. Svein Erik Godager møtte med skriftleg fullmakt frå Eivind Åslid. Vidare møtte Gunn Jorunn Bjørdal, Runar Hamre, Ruth Vartdal og Tormod Slåttelid.

Frå jordskifteretten møtte også avdelingsingeniør Gunnar Heltne.

Dei andre partane var lovleg innkalla, men møtte ikkje.

På spørsmål var det ingen som hadde merknader til innkallinga til møtet.

Ingen kjende til noko som kunne tilseie at jordskiftedommaren var inhabil.

Jordskiftedommaren gjorde greie for at føremålet med møtet var å avklare den vidare framdrifta i saka. Dommaren gjorde merksam på at det ikkje blir teke realitetsavgjerder i dette møtet.

Følgjande dokument vart framlagde:

- 71 Brev til Volda kommune 16.06.2010 om kommunal godkjenning av vegtrasè.
- 72 Brev frå Volda kommune 20.06.2011 med krav om utarbeiding av reguleringsplan.
- 73 Innkalling til saksførebuande rettsmøte datert 23.03.2012.
- 74 Brev frå Rolf Botn og Håvard Botn 16.04.2012.
- 75 Brev frå Jarle Håvik og Øystein Håvik 04.04.2012.
- 76 E-post frå Eivind Åslid 12.04.2012.
- 77 Fullmakt frå Jarle Håvik og Øystein Håvik til Rolf Botn 04.04.2012.
- 78 Fullmakt frå Eivind Åslid til Svein Erik Godager 12.04.2012.
- 79 Fullmakt frå Ingunn og Arild Iversen til Rolf Botn 14.04.2012.
- 80 Fullmakt frå Tore Andresen til Brit Staurset 16.04.2012.
- 81 Fullmakt frå Erik Staurset Andresen til Brit Staurset 04.04.2012.
- 82 Fullmakt frå Ståle Løfoll til Janne Bjørneset Løfoll 17.04.2012.
- 83 Brev frå Ingunn og Arild Iversen 16.04.2012.

Dokumenta blei gjennomgått i nødvendig grad.

Rettsformannen tok først opp spørsmålet vedrørende grensegang i området.

Ingen hadde merknader til grensene slik dei er merka, innmålt og vist på kart 16.06.2010 som låg ved innkallinga, jf. brev frå jordskifteretten 29.09.2009 med framlegg til rettsfastsetjande vedtak. Det ligg no til rette for å gjere endeleg vedtak vedrørende grensekanen.

Ein drøfta deretter sak om sams tiltak for ny vegtilkomst til det aktuelle området mellom Follavatnet og Austefjorden. Partane fekk uttale seg.

Volda kommune har i brev 20.06.2011 varsla at kommunen krev utarbeidd reguleringsplan for området som grunnlag for bygging av ny tilkomstveg.

Partane har ulike syn på dette.

Jordskifteretten vil innhente nytt tilbod på utarbeiding av reguleringsplan og deretter ta stilling til saka.

Innkalling til neste møte blir send i vanleg brev med minst to vekers varsel, jf. jordskiftelova § 14.

Utskrift av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

Saka blir utsett inntil vidare.

Retten heva.

Austefjord 17.04.2012


Olav Torvik

RETTSMØTE

- Møtedag:** 12.06.2014.
Stad: Samhald i Austefjorden.
Sak nr.: 1510-2007-0011 Løfold m.fl, gnr. 74 og 73 i Volda kommune.
- Saka gjeld:** Krav om sak etter jordskiftelova §§ 2 e og 88.
- Jordskiftedommar:** Olav Torvik.
- Jordskifte-
meddommarar:** 1. Olav Magne Folkestad, 6120 Folkestad.
2. Solfrid Nautvik, 6120 Folkestad.
- Protokollfører:** Jordskiftedommaren.
- Saka er kravd av:** Rolf Botn.
- Til handsaming:** Opprusting av eksisterande veg.
Utarbeiding av reguleringsplan.
- Partar:** Eigar av gnr. 73/1, Gunvor og Ragnar Høydalsvik,
Høydalsvn. 1739, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 73/2, Elsa Sandal, Runnaleitet 18, 6800 Førde.
Eigar av gnr. 73/3, Wenche Botn Løvold, Postboks 46, 6263 Skodje.
Eigar av gnr. 73/4, Ingunn og Arild Iversen,
Smiebakken 20, 6100 Volda.
Eigar av gnr. 73/5, Eigar av gnr. 73/5, John G. og Synnøve Leirvik,
Månanesvn. 267, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 74/1, Håvard S. Botn, Follavn. 98, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 74/1:1, Bente Elin Berg Rusten Garshol,
Bøkevegen 3, 6100 Volda.
Eigar av gnr. 74/1:1, Hilde Berg-Rusten Nybø d.bu, v/Cathrin Nybø,
Langgt. 94, 4306 Sandnes.
Eigar av gnr. 74/1:1, Hilde Berg-Rusten Nybø d.bu, v/Fride Nybø,
Ole Nielsens vei 7 A, 4306 Sandnes.
Eigar av gnr. 74/1:1, Tone Berg Rusten, Haslevegen 25 c, 6102 Volda.
Eigar av gnr. 74/2, 11, Ståle Løfoll, Follavn. 105, 6110 Austefjorden.
